| 3429 MVA PÅ VEDERLAG MVA-PLIKTIGE ANSK - INV | 25 | 0 |
| 3971 FRÅ DRIFT | -125 | -175 |
| **Sum tjeneste: 1300 DRIFT AV ADMINISTRASJONSLOKALE** | **0** | **0** |
| **Tjeneste: 2342 DRIFT HELSE- OG AKTIVITETSSENTER** | | |
| 3230 NYBYGG OG NYANLEGG | 94 | 150 |
| 3410 NYBYGG LØN | 1 | 0 |
| 3429 MVA PÅ VEDERLAG MVA-PLIKTIGE ANSK - INV | 23 | 0 |
| 3941 BRUK AV ANDRE DISPFOND | -118 | -150 |
| **Sum tjeneste: 2342 DRIFT HELSE- OG AKTIVITETSSENTER** | **0** | **0** |
| **Sum prosjekt: KJF Kommunehus - jordfeilautomater** | **0** | **0** |

| | Regnskap 2011 | Buds(end) 2011 |
|---|---|---|
| **Prosjekt: OMS OMSORGSBUSTADER** | | |
| **Tjeneste: 2651 DRIFT OMSORGSBOLIG/BUKOLLEKTIV** | | |
| 3230 NYBYGG OG NYANLEGG | 0 | 1.000 |
| 3910 BRUK AV LÅN | 0 | -1.000 |
| **Sum tjeneste: 2651 DRIFT OMSORGSBOLIG/BUKOLLEKTIV** | **0** | **0** |
| **Sum prosjekt: OMS OMSORGSBUSTADER** | **0** | **0** |
| **Prosjekt: P11 OPPGRADERING PRESTEBUSTAD** | | |
| **Tjeneste: 2650 DRIFT KOMMUNALT DISPONERTE BOLIGAR** | | |
| 3230 NYBYGG OG NYANLEGG | 102 | 500 |
| 3410 NYBYGG LØN | 1 | 0 |
| 3429 MVA PÅ VEDERLAG MVA-PLIKTIGE ANSK - INV | 3 | 0 |
| 3941 BRUK AV ANDRE DISPFOND | -106 | -500 |
| **Sum tjeneste: 2650 DRIFT KOMMUNALT DISPONERTE BOLIGAR** | **0** | **0** |
| **Sum prosjekt: P11 OPPGRADERING PRESTEBUSTAD** | **0** | **0** |
| **Prosjekt: RØY RENSEANLEGG ØYREN** | | |
| **Tjeneste: 3500 AVLAUPSRENSING** | | |
| 3230 NYBYGG OG NYANLEGG | 0 | 1.500 |
| 3948 BRUK AV UB KAPFOND | 0 | -1.500 |
| **Sum tjeneste: 3500 AVLAUPSRENSING** | **0** | **0** |
| **Sum prosjekt: RØY RENSEANLEGG ØYREN** | **0** | **0** |
| **Prosjekt: SBU Sosial bustad** | | |
| **Tjeneste: 2650 DRIFT KOMMUNALT DISPONERTE BOLIGAR** | | |
| 3200 INVENTAR OG UTSTYR | 10 | 0 |
| 3230 NYBYGG OG NYANLEGG | 2.518 | 6.000 |
| 3285 KJØP AV EKSISTERANDE BYGG | 1.283 | 0 |
| 3429 MVA PÅ VEDERLAG MVA-PLIKTIGE ANSK - INV | 17 | 0 |
| 3810 OVERFØRING FRÅ STATEN | -493 | 0 |
| 3910 BRUK AV LÅN | -3.335 | -6.000 |
| **Sum tjeneste: 2650 DRIFT KOMMUNALT DISPONERTE BOLIGAR** | **0** | **0** |
| **Sum prosjekt: SBU Sosial bustad** | **0** | **0** |
| **Prosjekt: SUT Skulen - uteareal/trafikksikring** | | |
| **Tjeneste: 2220 LOKALE TIL SKULEN** | | |
| 3230 NYBYGG OG NYANLEGG | 0 | 500 |
| 3940 BRUK AV DISPOSISJONSFOND | 0 | -500 |
| **Sum tjeneste: 2220 LOKALE TIL SKULEN** | **0** | **0** |
| **Sum prosjekt: SUT Skulen - uteareal/trafikksikring** | **0** | **0** |
| **Prosjekt: SYK Sykkelsti skulen rettedal** | | |
| **Tjeneste: 3340 KOMMUNALE VEGAR, MILJØ OG SIKKERHETSTILTAK gatelys** | | |
| 3230 NYBYGG OG NYANLEGG | 276 | 2.000 |
| 3410 NYBYGG LØN | 45 | 0 |
| 3429 MVA PÅ VEDERLAG MVA-PLIKTIGE ANSK - INV | 46 | 0 |
| 3810 OVERFØRING FRÅ STATEN | 0 | -600 |
| 3948 BRUK AV UB KAPFOND | -367 | -1.400 |
| **Sum tjeneste: 3340 KOMMUNALE VEGAR, MILJØ OG SIKKERHETSTILTAK gately** | **0** | **0** |
| **Sum prosjekt: SYK Sykkelsti skulen rettedal** | **0** | **0** |

| | Regnskap 2011 | Buds(end) 2011 |
|---|---|---|
| **Prosjekt: SYM Kulturhus - rekkverk stupetårn symjehall** | | |
| **Tjeneste: 1905 FELLESUTGIFTERFORSAND KULTURHUS** | | |
| 3230 NYBYGG OG NYANLEGG | 0 | 100 |
| 3971 FRÅ DRIFT | 0 | -100 |
| **Sum tjeneste: 1905 FELLESUTGIFTERFORSAND KULTURHUS** | **0** | **0** |
| **Sum prosjekt: SYM Kulturhus - rekkverk stupetårn symjehall** | **0** | **0** |
| **Prosjekt: TJU TØRREJUVET** | | |
| **Tjeneste: 3290 LANDBRUKSFORVALTNING** | | |
| 3230 NYBYGG OG NYANLEGG | 0 | 200 |
| 3970 FRÅ DRIFT - BUNDNE FOND | 0 | -200 |
| **Sum tjeneste: 3290 LANDBRUKSFORVALTNING** | **0** | **0** |
| **Tjeneste: 2210 LOKALE TIL BARNEHAGEN** | | |
| 3230 NYBYGG OG NYANLEGG | 255 | 0 |
| 3429 MVA PÅ VEDERLAG MVA-PLIKTIGE ANSK - INV | 64 | 0 |
| 3970 FRÅ DRIFT - BUNDNE FOND | -318 | 0 |
| **Sum tjeneste: 2210 LOKALE TIL BARNEHAGEN** | **0** | **0** |
| **Sum prosjekt: TJU TØRREJUVET** | **0** | **0** |
| **Prosjekt: UNU UNIVERSELL UTFORMING** | | |
| **Tjeneste: 1300 DRIFT AV ADMINISTRASJONSLOKALE** | | |
| 3201 TEKNISK UTSTYR | 11 | 0 |
| 3230 NYBYGG OG NYANLEGG | 0 | 200 |
| 3429 MVA PÅ VEDERLAG MVA-PLIKTIGE ANSK - INV | 3 | 0 |
| 3948 BRUK AV UB KAPFOND | -14 | -200 |
| **Sum tjeneste: 1300 DRIFT AV ADMINISTRASJONSLOKALE** | **0** | **0** |
| **Tjeneste: 1905 FELLESUTGIFTERFORSAND KULTURHUS** | | |
| 3230 NYBYGG OG NYANLEGG | 68 | 200 |
| 3429 MVA PÅ VEDERLAG MVA-PLIKTIGE ANSK - INV | 17 | 0 |
| 3948 BRUK AV UB KAPFOND | -85 | -200 |
| **Sum tjeneste: 1905 FELLESUTGIFTERFORSAND KULTURHUS** | **0** | **0** |
| **Tjeneste: 2610 DRIFT AV INSTITUSJONSLOKALER** | | |
| 3201 TEKNISK UTSTYR | 21 | 0 |
| 3429 MVA PÅ VEDERLAG MVA-PLIKTIGE ANSK - INV | 5 | 0 |
| 3948 BRUK AV UB KAPFOND | -27 | 0 |
| **Sum tjeneste: 2610 DRIFT AV INSTITUSJONSLOKALER** | **0** | **0** |
| **Sum prosjekt: UNU UNIVERSELL UTFORMING** | **0** | **0** |
| **Prosjekt: USK Utbygging skulen** | | |
| **Tjeneste: 2220 LOKALE TIL SKULEN** | | |
| 3230 NYBYGG OG NYANLEGG | 916 | 2.822 |
| 3429 MVA PÅ VEDERLAG MVA-PLIKTIGE ANSK - INV | 204 | 0 |
| 3910 BRUK AV LÅN | -1.120 | -2.822 |
| **Sum tjeneste: 2220 LOKALE TIL SKULEN** | **0** | **0** |
| **Sum prosjekt: USK Utbygging skulen** | **0** | **0** |
| **Prosjekt: VVB Brøyteutstyr** | | |
| **Tjeneste: 3340 KOMMUNALE VEGAR, MILJØ OG SIKKERHETSTILTAK gatelys** | | |

# Investering 2011

1 Forsand kommune (2012) - År/Periode 2011 1 - 12 19.04.2012

| | Regnskap 2011 | Buds(end) 2011 |
|---|---|---|
| 3201 TEKNISK UTSTYR | 174 | 200 |
| 3429 MVA PÅ VEDERLAG MVA-PLIKTIGE ANSK - INV | 43 | 0 |
| 3940 BRUK AV DISPOSISJONSFOND | -217 | -200 |
| **Sum tjeneste: 3340 KOMMUNALE VEGAR, MILJØ OG SIKKERHETSTILTAK gately** | **0** | **0** |
| **Sum prosjekt: VVB Brøyteutstyr** | **0** | **0** |
| **TOTALT** | **0** | **0** |

| | Regnskap | Reg. budsjett | Oppr.budsjett | Regnskap i fjor |
|---|---|---|---|---|
| **Anskaffelse og anvendelse av midler** | | | | |
| **Anskaffelse av midler** | | | | |
| Inntekter driftsdel (kontoklasse 1) | 153.700.682,10 | 148.696.000,00 | 152.336.000,00 | 148.531.249,25 |
| Inntekter investeringsdel (kontoklasse 0) | 1.871.183,00 | 600.000,00 | 600.000,00 | 6.697.336,00 |
| Innbetalinger ved eksterne finanstransaksjoner | 17.709.360,78 | 19.177.000,00 | 16.355.000,00 | 36.759.124,98 |
| **Sum anskaffelse av midler** | **173.281.225,88** | **168.473.000,00** | **169.291.000,00** | **191.987.710,23** |
| **Anvendelse av midler** | | | | |
| Utgifter driftsdel (kontoklasse 1) | 148.507.745,21 | 144.684.580,00 | 149.296.000,00 | 145.748.614,47 |
| Utgifter investeringsdel (kontoklasse 0) | 9.507.518,71 | 27.671.000,00 | 23.385.000,00 | 17.784.242,21 |
| Utbetaling ved eksterne finanstransaksjoner | 33.329.169,23 | 8.567.000,00 | 8.567.000,00 | 10.311.436,84 |
| **Sum anvendelse av midler** | **191.344.433,15** | **180.922.580,00** | **181.248.000,00** | **173.844.293,52** |
| **Anskaffelse - anvendelse av midler** | **-18.063.207,27** | **-12.449.580,00** | **-11.957.000,00** | **18.143.416,71** |
| Endring i ubrukte lånemidler | -9.740.841,75 | 0,00 | 0,00 | 3.670.681,85 |
| Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Drift | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Invest | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| **Endring i arbeidskapital** | **-27.804.049,02** | **-12.449.580,00** | **-11.957.000,00** | **21.814.098,56** |
| **Avsetninger og bruk av avsetninger** | | | | |
| Avsetninger | 9.239.694,72 | 7.541.045,00 | 2.020.000,00 | 35.450.614,82 |
| Bruk av avsetninger | 27.302.901,99 | 19.977.045,00 | 13.987.000,00 | 17.307.198,12 |
| Til avsetning senere år | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| **Netto avsetninger** | **-18.063.207,27** | **-12.436.000,00** | **-11.967.000,00** | **18.143.416,70** |
| **Int. overføringer og fordelinger** | | | | |
| Interne inntekter mv | 21.951.451,51 | 11.198.000,00 | 11.071.000,00 | 22.694.088,21 |
| Interne utgifter mv | 21.951.451,51 | 11.198.000,00 | 11.071.000,00 | 22.694.088,21 |
| **Netto interne overføringer** | **0,00** | **0,00** | **0,00** | **0,00** |

# Oversikt - balanse

1 Forsand kommune - 2012 19.04.2012

| | Regnskap 2011 | Regnskap 2010 |
|---|---|---|
| EIENDELER | | |
| **Anleggsmidler** | **364.900.568,20** | **362.589.502,20** |
| Herav: | | |
| Faste eiendommer og anlegg | 202.970.606,96 | 202.617.080,96 |
| Utstyr, maskiner og transportmidler | 9.610.369,24 | 10.512.308,24 |
| Utlån | 17.568.710,00 | 13.796.928,00 |
| Aksjer og andeler | 1.940.757,00 | 1.903.772,00 |
| Pensjonsmidler | 132.810.125,00 | 133.759.413,00 |
| **Omløpsmidler** | **146.810.959,73** | **175.870.474,34** |
| Herav: | | |
| Kortsiktige fordringer | 12.198.569,87 | 12.716.053,65 |
| Premieavvik | 12.052.862,24 | 12.031.677,24 |
| Aksjer og andeler | 76.441.882,27 | 33.312.120,37 |
| Sertifikater | 0,00 | 0,00 |
| Obligasjoner | 28.332.771,41 | 85.634.476,91 |
| Kasse, postgiro, bankinnskudd | 17.784.873,94 | 32.176.146,17 |
| SUM EIENDELER | **511.711.527,93** | **538.459.976,54** |
| EGENKAPITAL OG GJELD | | |
| **Egenkapital** | **209.368.421,92** | **261.147.676,94** |
| Herav: | | |
| Disposisjonsfond | 54.512.945,79 | 69.845.285,50 |
| Bundne driftsfond | 25.922.146,02 | 26.218.206,17 |
| Ubundne investeringsfond | 40.053.926,48 | 39.669.297,27 |
| Bundne investeringsfond | 0,00 | 0,00 |
| Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Drift | -1.225.699,56 | -1.225.699,56 |
| Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Invest | 0,00 | 0,00 |
| Regnskapsmessig mindreforbruk | 1.706.608,30 | 4.526.044,92 |
| Regnskapsmessig merforbruk | 0,00 | 0,00 |
| Udisponert i inv.regnskap | 0,00 | 0,00 |
| Udekket i inv.regnskap | 0,00 | 0,00 |
| Likviditetsreserve | 0,00 | 0,00 |
| Kapitalkonto | 88.398.494,89 | 122.114.542,64 |
| **Langsiktig gjeld** | **276.204.204,65** | **249.917.932,65** |
| Herav: | | |
| Pensjonsforpliktelser | 172.353.526,00 | 141.564.055,00 |
| Ihendehaverobligasjonslån | 0,00 | 0,00 |
| Sertifikatlån | 0,00 | 0,00 |
| Andre lån | 103.850.678,65 | 108.353.877,65 |
| **Kortsiktig gjeld** | **26.138.901,36** | **27.394.366,95** |
| Herav: | | |
| Kassekredittlån | 0,00 | 0,00 |
| Annen kortsiktig gjeld | 26.138.901,36 | 27.394.366,95 |
| Premieavvik | 0,00 | 0,00 |
| SUM EGENKAPITAL OG GJELD | **511.711.527,93** | **538.459.976,54** |
| MEMORIAKONTI | | |
| Memoriakonto | -297.875,66 | 9.442.966,09 |
| Herav: | | |
| Ubrukte lånemidler | -297.875,66 | 9.442.966,09 |
| Andre memoriakonti | 0,00 | 0,00 |
| Motkonto til memoriakontiene | 297.875,66 | -9.442.966,09 |

1 Forsand kommune - 2012 19.04.2012

| | Regnskap 2011 | Regnskap 2010 |
|---|---|---|
| **OMLØPSMIDLER** | | |
| Endring betalingsmidler | -14.391.272,23 | 4.701.509,35 |
| Endring ihendehaverobl og sertifikater | -57.301.705,50 | 16.891.830,00 |
| Endring kortsiktige fordringer | -517.483,78 | -803.143,85 |
| Endring premieavvik | 21.185,00 | 2.714.592,00 |
| Endring aksjer og andeler | 43.129.761,90 | -1.744.091,00 |
| **ENDRING OMLØPSMIDLER (A)** | **-29.059.514,61** | **21.760.696,50** |
| | | |
| **KORTSIKTIG GJELD** | | |
| Endring kortsiktig gjeld (B) | 1.255.465,59 | 53.402,05 |
| | | |
| **ENDRING ARBEIDSKAPITAL (A-B)** | **-27.804.049,02** | **21.814.098,55** |

# Forsand kommune

Politisk

| Saksbeh | Ref. | Arkivkode | Dato: |
|---|---|---|---|
| Bodil Vika Gjesteland | 12/271-12 | /K3-&14 | 19.03.2012 |

## Årsmelding for den politiske verksemda i 2011.

### Hovudtal i budsjett- og rekneskap.

Det var avsett 3 496 000,- i budsjettet for 2011 til folkevalde. Rekneskapet viser kr. 2 883 722,-

### Politisk organisering:




Leiar kontrollutval - Torstein Haukalid – Krf fram til kommunevalet.
Leiar klagenemnd - Alf Steinar Hagen - Ap – fram til kommunevalet
Leiar driftsutval – Kåre Oaland – H – fram til kommunevalet
Leiar eldrerådet – Per Søiland
Leiar råd for funksjonshemma – Thor Espedal Sp – fram til kommunevalet

Ved kommunevalet i 2011 blei den politiske samansetning følgjande:

**Kommunestyre**

| | |
|---|---|
| Kristeleg Folkeparti | 5 representantar |
| Arbeiderpartiet | 3 representantar |
| Senterpartiet | 3 representantar |
| Høyre | 5 representantar |
| Fremskrittspartiet | 1 representant |

**Formannskap**

| | |
|---|---|
| Kristeleg Folkeparti | 1 representant |
| Arbeiderpartiet | 1 representant |
| Senterpartiet | 1 representant |
| Høyre | 2 representantar |

Leiar driftsutval Laila Espedal - Sp
Nestleiar driftsutval Jon Fløysvik- Krf

Leiar kontrollutval Wenche Selvik – H

Leiar klagenemnd Jon Fløysvik – Krf

Vedtaket om å legge ned driftsutvalet vart gjort i samband med sak om økonomiske nedskjeringar i 2009 – *Utvikling 2009.*

Etter vedtak i kommunestyresak 45/11 - blei det vedtatt å oppretthalda driftsutvalet for behandling av saker innafor teknisk seksjon, men å redusera til 5 medlemmer.

**Møteverksemd i 2011.**

| Utval | Møte | Saker |
|---|---|---|
| Kommunestyre | 9 møte 2011 (8 – 2010) | 89 saker 2011 (100 – 2010) |
| Formannskap | 8 møte 2011 (9 – 2010) | 51 saker 2011 (67 – 2010) |
| Fondstyre | 8 møte 2011 ( 8 – 2010) | 35 saker 2011 (26 – 2010) |
| Administrasjonsutval | 3 møte 2011 ( 3 – 2010) | 12 saker 2011 (15 - 2010 ) |
| Klagenemnd | 1 møte 2011 (1 – 2010) | 2 saker 2011 ( 1 – 2010) |
| Driftsutval | 7 møte (7 – 2010) | 49 saker 2011 (51 – 2010) |

Telemarksforskning sin kommunestrukturrapport blei presentert på Sand den 20 – 21. januar.

Kommunestyret hadde årsmøte 10.mai 2011 – tema samhandlingsreformen

Kommunestyret slutta seg til Manifest mot mobbing 2011 – 2014

Konstituerande kommunestyremøte 4. oktober 2011

Felles folkevalt opplæring på Sand 2. og 3. november saman med Ryfylkekommunane.

Kommunestyremøte 29.11. 2011 – folkevaltopplæring – Plan- og bygningslova

**Tema/orientering i kommunestyret:**

- Gjennomgang av habilitetsreglar og klagesaker v/Ernst Berk
- Gjennomgang av resultat av medarbeiderundersøkinga

- Samhandlingsreforma og lokal arbeidsgruppe sitt arbeid – v/leiar pleie- og omsorg
- Stavanger Turistforening orienterte om nye prosjekt i Forsand
- Rektor orienterte om prosjekta dei arbeider med på skulen
- KS v/ Helene Arholm gjekk i gjennom demokratiundersøkinga

**Komite**

- Komite for vurderiing av nytt råd for oppvekst og levekår

Følgjande medlem vart valt:
Leiar: Laila Espedal – Sp
Alf Steinar Hagen – Ap
Ulrike Løland – H
Torstein Haukalid – Krf
Inge Håvard Aarskog – Frp

Mandat:
Kommunestyret opprettar ein komite for å evaluera kommunestyret sitt arbeid. Komiteen må koma med ei tilråding på kva som kan gjerast for å få meir fokus på oppvekst og levekår. Det er eit mål at kommunestyret blir mest mogleg vitalisert.

**Spørsmål/interpellasjon til ordførar**

- Krav om fortsatt ferjedrift over Høgsfjord viss Ryfast blir godkjent - Forsand Arbeiderparti v/ Thore Håland
- Oppretthalda driftsutvalet – Laila Espedal
-

**Offentleg spørjetime:**

**Innbyggerintiativ – Ballbinge i Bergekrossen**

**Tiltakspris:**

Tiltaksprisen for 2011 blei delt ut til Forsand Bondelag – Forsand Bonde- og småbrukarlag og Forsand Sau og geit.

**Nokre saker som kommunestyret har behandla i løpet av 2011.**

- Ryfast finansieringsanalyse 17.11.10 –høyring - k,st,
- Kommunestrukturen i Ryfylke – ny vurdering – k.st.
- Vertskommunesamarabeid mellom Strand og Forsand frå 2012.
- Ekspropriasjon av nødvendig grunn og rettar frå gnr. 8 bnr. 1 gjennomføring av reguleringsplan for reiselivsanlegg på Oanes
- Ballbinge sentralt på Forsand – plassering ---
- Fastsetjing av vilkår for sal av Bergebakkane bustadfelt
- Godkjenning av kontraktar og utbyggingsavtale vedrørande utbygging av Bergebakkane bustadfelt

# Forsand kommune

Rådmannen

| Saksbeh | Ref. | Arkivkode | Dato: |
|---|---|---|---|
| Audun Grødem | 12/271-11 | /K3-&14 | 19.03.2012 |

## Årsmelding sentrale IT-tenester 2011

### 1. GENERELT OM VERKSEMDA

### 1.1. Tenesteområde

Felles IT tenester ligg inn under rådmannskontoret, og omfattar:

- Kontakt med driftsansvarleg, feilmeldingar, utvikling
- Innkjøp av felles IT-utstyr jf. økonomiplan
- Halda oversikt over IT utstyr
- Rådgjevar for seksjonane ved seksjonsspesifikke innkjøp
- Kontakt med seksjonane
- Utarbeiding/ rullering av IT-plan
- Sekretær og medlem av IT-utval
- Økonomisk ansvar - budsjett/ økonomiplan/betaling av rekningar
- Oppfølging av kompetanseplan

Tidlegare disponerte me ein 30% stilling som sentral IT-koordinator knytt til rådmannskontoret. I løpet av 2011 er denne trekt inn og oppgåvene er knytt til ei av stillingane ved servicetorget. Torgeir Kvalberg har no denne oppgåva.
I tillegg bruker organisasjonssjef ein del av stillinga til dette arbeidet.

### 1.2. Hovudtal - budsjett og rekneskap. Tal i tusen kr

| Teneste 1206 | Budsjett 2009 | Rekneskap 2009 | Budsjett 2010 | Rekneskap 2010 | Budsjett 2011 | Rekneskap 2011 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | |
| Driftsbudsjett | 2 500 | 1 949 | 2 300 | 2 089 | 2530 | 2616 |
| Investeringar | 1 250 | 1 080 | 1 600 | 1 560 | 1450 | 1104 |

### 2. MÅLSETTINGAR I ARBEIDET

### 2.1. Hovudmål(jf IKT plan pkt 3.1.1)

- Effektivisering av offentleg sakshandsaming gjennom riktig bruk av informasjon
- Skape tryggleik hos alle partar slik at drifta blir effektiv
- Organisera samhandling i kommunal informasjonshandsaming på ein samfunnsøkonomisk god måte
- Realisere mål i Stortingsmelding 30 om at elevane skal ha digital kompetanse slik at dei kan bruka IKT og aktivt produsera medieinnhald
- eKommune – arbeide mot døgnopen forvaltning og auka tilfang av elektroniske tenestar

**2.2. Strategiar**(jf IKT plan pkt 3.1.2)

## 3. RESULTATVURDERING

I 2011 er følgjande tiltak gjennomført:

- Ny heimeside blei lansert 1. januar med
  - Ny og utvida funksjonalitet for elektroniske tenester
  - Fleire og betre val for innbyggjarane for elektronisk samhandling med kommunen – døgnopen forvaltning
- Utbedra funksjonalitet for helsesenteret:
  - Heimekontor for legane
  - Etablering av Helsenett Flex som gir internett og e-post innafor sikker sone
  - Etablering av Helsenett-tilkopling for Helsestasjonen
  - Oppgradering til WinMed 3 for legekontoret
- eHandelsplattformen tatt i bruk på tvers av seksjonane
- Utskifting og oppgradering av serverar og virtualisering
- Oppgradert elevnettet til Windows 7
- Starta arbeid med systemoppdatering med Windows 7 og Office 2010 samt Windows Server 2008R2
- Oppretta tilpassa nettstad for mobiltelefonar og eiga kommunal Facebook-side
- Ny internett aksess (100/100) som meir enn halverte kostnaden for kommunen
- Ny driftsavtale for kommunalt IT-system
- Oppretting av ny intranettside for dei tilsette, tatt i bruk i 2012

## 4. UTFORDRINGAR

- God samhandling mot innbyggjarane og på tvers av seksjonane for å kunne tilby gode elektroniske tenester
- Vurdere elektronisk avvikshandtering på tvers av seksjonane.
- Gjennomføring av oppgradering til Windows 7 og Office 2010
- Større integrasjon mellom Sak/Arkiv og fagsystem
- Tilpassing i organisasjonen for auka bruk av eHandelsplattformen gjennom elektroniske verktøy
- Fleire leverandørar inn på eHandelsplattformen og nytt eFaktura-system (B2B) som ledd i strukturering av innkjøpsfunksjonen i kommunen.
- Vurdere eHandelmodul integrert med økonomisystem
- Vurdere å integrere personalarkiv og rekrutteringsfunksjon med eksisterande modular i økonomisystem for å oppnå samhandlingsgevinst
- Vidareutvikling av heimeside og intranettside
- Halde fram med kompetanseutvikling for å nytte dataverktøy optimalt
- Utvikle rutinar som gjer at investeringsbehov og nye system vert meldt tenesteveg fram til IT-utvalet.
- Gjera oppgåvene mindre sårbare slik at funksjonar ikkje vert personavhengige.
- Kvalitetssystem for IT-tryggleik. Her har me eit pålegg frå Datatilsynet. Det er ei partssamansett arbeidsgruppe i gang med dette.

Audun Grødem
organisasjonssjef

# ÅRSMELDING 2011 SERVICETORGET

Teneste 1205 : Fellesteneste (post, info, arkiv, telefonsentral)

## *1.0.ØKONOMI*

### *1.1 Hovudtal budsjett- og rekeskap. (nettotal)*

| *Rekneskap 09* | *Budsjett 09* | *Rekneskap10* | *Budsjett 10* | ***Rekneskap 11*** | ***Budsjett 11*** |
|---|---|---|---|---|---|
| *2 077.741* | *2 147.000* | *2.026.861* | *2.255.000* | ***2.100.930*** | ***2.318.000*** |

Servicetorget har i år brukt kr. 284.376 mindre i driftsutgifter enn budsjettert, og fått kr. 63.306,- mindre i inntekter. Dette gir ei netto innsparing på meir enn kr. 217.000,-.

### 1.2 Administrative ressursar.

Servicetorget har i utgangspunktet 3 heile stillingar samt 20% personressursar frå teknisk. Vi har nytta oss mindre av vikar enn tidlegare år.
Frå 15.08. og ut året har vi hatt ein arkivmedarbeidar engasjert ca 9 t. i veka.

### 1.3 HMS – ROS analyse – Medarbeidarsamtalar

Det er gjennomført 3 medarbeidarsamtalar 1. halvår 2011. Det er utarbeida ROS-analyse for rådmannskontoret, men ikkje for servicetorget åleine. Kommunen er ein IA-bedrift, og servicetorget prøver å legge arbeidstilhøva særleg tilrette når det trengs.

### 1.4 Juridisk bistand – Gratis advokat

Prosjektet er i regi av Justisdepartementet og utgiftene vert dekka av statlege midlar. Innbyggjarane får tilbod om ein time gratis advokathjelp i året. Vi har hatt 20 kontordagar a 2 timar og hatt 25 konsultasjonar.

## 2.0 TENESTEPRODUKSJON

Servicetorget starta opp 01.11.2002 og er ein sentral formidlar av informasjon og tenester, både internt og eksternt. Eit nøkkelord for å få dette til er informasjonsflyt.

**2.1 Websak;** Eit sentralt verktøy i informasjonsarbeidet, er post- og arkivsystemet Websak. Frå nov 2005 har all inngåande post blitt skanna. Dette gjer at dei som nyttar systemet lett kan søke fram informasjon. Offentlege postlister kan alle lese på heimesida, og talet på dokument har hatt ein jamn auke frå 2005 til 2011;

Inn og utgåande dokument;

| | **2005** | **2006** | **2007** | **2008** | **2009** | **2010** | **2011** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Antal dokument | 6279 | 6970 | 7172 | 7129 | 8524 | 8453 | 9139 |

**2.2 Innsyn:** Krav om innsyn i dokument vart forsterka i ny Offentleglov. Krav registrert i websak har dobla seg frå 2010 til 2011, dvs. 75 skriftlege krav.

**2.3 Nettsider.** Servicetorget har ansvar for heimesida til kommunen og intranett. 1. januar 2011 blei ny heimeside lagt ut. I samband med kommunevalet hausten 2011 blei og ny nettside tilpassa for mobiltelefon og eiga kommunal Facebook-side lansert. På dei nye heimesidene har ein tatt særleg omsyn til krav frå myndigheiter og innbyggjarar om ei mest mogleg døgnopen forvaltning med tilgong til elektroniske tenester og skjemaløysingar. Ein legg og stor vekt på å ha ei så levende side som mogleg.

**2.4 Norge.no.** er ei kavlitetsundersøking av offentlege nettstader som kvart år vert gjennomført på oppdrag frå DIFI, Direktoratet for forvaltning og IKT. Forsand fekk i 2011 beste karakter og seks stjerner i undersøkinga, opp frå tre stjerner i 2010. Dette er eit resultat av ei bevisst og omfattande satsing på kvalitet i innhald og tenester på heimesida.

**2.5 Elektroniske tenester** blei ved lansering av ny heimesida gjort lettare tilgjengeleg for innbyggjarane. Likevel viser til dømes bruken av elektronisk byggjesøknad, som har vore tilgjengeleg sidan 2009, at brukarane treng oppmuntring. Berre 10 % leverer byggjesøknad elektronisk, medan andre elektroniske tenester retta mot innbyggjarane, til dømes søknad på stillingar og barnehageplass, er svært mykje brukt. For å oppmuntre til auka bruk av elektroniske byggesøknader bør kanskje søkjarar få reduserte gebyr eller lova kortare sakshandsamingstid?

**2.6 Mottakskontroll byggesaker:** 1.1. 2009 etablerte Servicetorget samen med Seksjon teknisk ein ny rutine av mottakskontroll på byggesaker. Den nye rutinen er meint å kunne fange opp manglar i søknaden før sakshandsaming. Søkar får raskare tilbakemelding på at søknaden er mottatt og komplett. Sakshandsamingstida vil på denne måten og kunne kortast ned. Ordninga har fungert godt. Det blei sendt 45 hurtigsvar i 2011 mot 41 i 2010.

**2.7 Arkiv;** Kommunen leiger i dag 75 hyllemeter arkivplass hos Interkommunalt arkiv i Stavanger. Arkivmateriale frå før 1965 og arkivet etter Sigleif Engen har oppteke denne plassen. Tilfluktsromet vert nytta til arkiv for resten av vårt materiale, men er ikkje godkjent for oppbevaring over lengre tid. Vi har difor starta forhandlingar om overføring av Sig. Engen arkivet (40 hyllemeter) til Statsarkivet.

**2.8 InfoLand** Sal av meklaropplysningar. Inntektene her viser ein tilbakegang. Det tydar på mindre omsetnad av eigedomar. Kommunen har og alt for låge satsar på dei tenestene / opplysningane ein her sel.

| **Periode** | **Antall** | **Netto sal i kr.** |
|---|---|---|
| **2011** | **58** | **9.320** |
| 2010 | 84 | 13.181 |
| 2009 | 86 | 14.917 |
| 2008 | 29 | 5 097 |
| 2007 | 104 | 15.353 |
| 2006 | 49 | 7.003 |
| 2005 | 69 | 10.547 |

**2.9 Sommarjobb skuleungdom;**
Servicetorget har dei siste åra administrert ordninga med sommarjobb for skuleungdom. I 2011 fekk 42 ungdomane eit jobbtilbod; 18 stk hadde ordna eigen avtale med private, 24 stk fekk avtale gjennom kommunen.

**2.10 Innkjøpsansvarleg og IT-kontakt**
Frå 01.11.11 har arbeidet som innkjøpsansvarleg og IT-kontakt vorte lagt til medarbeidar i servicetorget.

Sjå nærare om dette i rådmannen si årsmelding og i årsmelding for IT .

## 3.0 RESULTATVURDERING

**3.1 eKommune**-prosjektet blei avslutta i november 2011. Ein del av prosjektet var auka tilgjenge for innbyggjarane til elektroniske tenester frå kommunen. Ein ønskjer å utvide tilfanget av slike tenester då dette gjev godt resultat med omsyn til ressursbruk veid opp mot kvalitet og tilgjenge for innbyggjarane. Gjennom samarbeid med seksjon teknisk håper ein å forbetre tilgjenge for innbyggjarane når det gjeld geografisk informasjon og plandata.

**3.2 Heimesida.** Sjølv om ny heimeside med utvida funksjonalitet, til dømes når det gjeld innsyn i politiske dokument og andre elektroniske tenester, er det ei utfordring å halde heimesida aktuell og oppdatert. Ein er her avhengig av samarbeid med seksjonane og publikum. Særleg er ein avhengig av at politiske nyhende vert formidla vidare.

**3.3 Arkiv**
**Arkivplanen** er ikkje heilt ferdig. Vi startar med fullelektronisk saksbehandling og arkiv for sentralarkivet 1.1.2012. For dei andre arkivdelane held vi fram med papir inntil vidare.

**3.4 . Kompetanseheving. *Websak – offentleglova – forvaltningslova – kurs***
Det er gjennomført 4 korte kurs i websak. I tillegg vart det halde kurs i saksbehandling der både offentleglova og forvaltningslova var tema. Her kan vi bli mykje betre, og ein prøver å få til ein rutine for opplæring av nytilsette. Det er og behov for årleg oppdatering av saksbehandlarar.

## 4.0 UTFORDRINGAR 2011

**4.1 ROS-analyse:** Utarbeiding av ROS-analyse samt internkontrollsystem for behandling av personopplysningar etter krav frå Datatilsynet.

**4.2. Arkiv.**
Vidareutvikle elektronisk arkiv og sakshandsaming, og førebu fullelektronisk arkiv for fleire arkivdelar. Overføre alt arkivmateriale som er eldre enn 25 år til IKA.
**Arkivplanen** må bli ferdig. Denne skal innehalde oversikt over alle rutinar for arkivering og oppbevaring av materiell, både dagens situasjon og historisk. Dette gjeld og arkivering / bevaring av elektronisk materiale (dataprogram).

**4.3 Infoland** Utarbeide nye betalingssatsar. Det er vedtekne nye satsar for kart m.m, men desse betalingssatsane passer ikkje inn i Infoland – bestillinga. Dette krev samarbeid med seksjon teknisk.

**4.4 Personalsituasjonen:** I 2011 var 1 av dei fast tilsette ute i permisjon,(e-kommuneprosjektet). Frå nov. 2011 og fram til nå har alle dei fast vore på plass.

**4.5 eKommune.**
Sikre kvaliteten på heimesida, tenestekatalogen og skjema.

**4.6 Kompetanseheving:** Tileigning og vidareformidling av kunnskap er viktig i ein lærande organisasjon. Frå 2012 har ein starta med Fredags-IT - ein time opplæring kvar fredag. Dette håper ein å kunne nytte til ulik opplæring og informasjon.

# Forsand kommune

Rådmannen

| Saksbeh | Ref. | Arkivkode | Dato: |
|---|---|---|---|
| Audun Grødem | 12/271-20 | /K3-&14 | 22.03.2012 |

## Årsmelding organisasjonssjef 2011

### 1. Generelt om verksemda

Organisasjonssjefen har på vegne av rådmannen ansvar for å sørge for god drift internt i kommunen som organisasjon. Ansvaret omfattar:

- Personalarbeid – i godt samarbeid med seksjonane
- Arbeidsmiljøtiltak – oppfølging/støtte til seksjonane i høve til generelle og individuelle tiltak.
- Informasjonsarbeid – sørge for god informasjon internt i organisasjonen
- Leiaroppfølging/-opplæring/-utvikling
- Kvalitetssystem – utvikling og vedlikehald av styringssystem for heile kommunen på organisasjons- og personalområdet.
- Skule- og barnehagefagleg ansvarleg – på vegne av skule- og barnehageeigar føre tilsyn med at kvaliteten i skulen og barnehagen er i samsvar med krav.

**Løpande tiltak:**

- Leiarforum annankvar måndag
- Personalmøte rådmannskontoret månadleg
- Møte med hovudtillitsvalde og hovudverneombod månadleg
- Møter med seksjonsleiarane innan skule, barnehage og PLO-seksjon månadleg
- Leiarseminar for seksjonsleiarar, mellomleiarar og hovudtillitsvalde/ hovudverneombod ein gong i året.
- Andre møte:
  - AMU-møte - medlem
  - Eldreråd - rådssekretær
  - Råd for funksjonshemma - rådssekrtær
  - Styremedlem PP-tenesta for Midt-Ryfylke
  - Styremedlem Ryfylke Bedriftshelseteneste
  - IT-utval – sekretær
  - Interne IT-møte – kvar veke
  - Ansvarleg for alle Dialogmøte 1 i kommunen
  - Deltakar i alle Dialogmøte 2 i kommunen

### 2. Målsettingar.

Målsettinga med stillinga er i hovudsak å sjå til at kommunen har gode styringssystem som sikrar god drift, kvalitet og utvikling. Tidvis krev dette utvikling av nye system. Stadig krev dette evaluering/revisjon av gamle system for å tilfredsstille nye krav og behov.

### 3. Resultatvurdering.

Arbeidsgjevarstrategien – har i 2011 vore rundt på tilnærma alle personalmøte i kommunen og snakka om arbeidsgjevarstrategi og andre aktuelle reglement.

HMS-reglementet - Her er me i ferd med å utarbeide ei samla kvalitetshandbok for kommunen som integrerer HMS og kvalitet på tenester.
E-kommune prosjekter er ferdigstilt i 2011 med ny internet og intranett side som inneheld mange elektronisk verktøy både for tilsette og for innbyggjarar/brukarar.
Skule- og barnehagefagleg – her har me i 2011 arbeidd med å lukke avvik både på skule og barnehage. Avvika har vore knytta til formelle ting rundt vedtak om spesialpedagogiske tiltak og til kvalitetssystem på kommunenivå. Kommunen avventar tilbakemelding frå fylkesmannen på utarbeidde kvalitetssystem, elles er alle avvik lukka.
Skuleutvikling – det er på gang to utviklingsprosjekt i skulen. Det eine går på styrking av skuleeigar-rolla der ordførar og varaordførar er med. Prosjektet starta hausten 2011 og går til hausten 2012.
Kvalitetssystem – frå mars 2011 tok me i bruk verktøyet Månadsrapportering. Alle seksjonsleirar skal der rapportere ein gong i månaden på eindel sentrale parametrar for kvalitet: budsjett/rekneskap, forfalte saker, Ros-analyse, vernerunde, medarbeidarsamtalar, sjukefråversoppfølging, HMS-revisjon. Rapporteringa bli jevnleg gjennomgått i Leiarforum.

**4. Utfordringar.**

- Arbeidsgjevarstrategi – Denne må heile tida haldast varm. Frå sentralt hald vil me framleis invitere oss ut til personalmøte med dette som emne
- Kvalitetssystem – Månadsrapporteringa må bli meir uttømmande på alle tema og for alle seksjonar. Kvalitetshandboka må fullførast. Innan området IT-tryggleik er det behov for betra kvalitetssystem.
- Leiarutvikling – me har lenge arbeidd for å få på plass eit leiarutviklingsprogram.

Audun Grødem
organisasjonssjef

# Forsand kommune

Rådmannen

| Saksbeh | Ref. | Arkivkode | Dato: |
|---|---|---|---|
| Audun Grødem | 12/271-1 | /K3-&14 | 21.02.2012 |

## Årsmelding HMS - 2011

### 1. Innleiing:

Kommunen sine retningslinjer for helse, miljø og sikkerhet skal sikre at kommunen sine aktiviteter vert drifta i samsvar med fastsette krav. Kommunen er etter *Forskrift om systematisk helse,miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)* pålagt å drive internkontroll.
Internkontroll er «systematiske tiltak som skal sikre at virksomhetens aktiviteter vert planlagt, organisert, utført og vedlikehalde i samsvar med krav fastsett i eller i medhald av helse-miljø-og sikkerhetslovgjevinga»1.
Internkontrollforskrifta legg vekt på at internkontrollen og kravet til dokumentasjon skal tilpassast den enkelte verksemda med omsyn til type verksemd, aktivitetar, risikoforhold og storleik.
Internkontrollforskrifta presiserer og at vi skal arbeide for forbetringar i arbeidsmiljøet. Vi skal altså sette innsatsen inn der problema er, og ikkje bruke mykje tid på å dokumentere forhold som fungerer bra.
Internkontrollsystemet skal peike på **kva** som skal gjerast på helse, miljø og sikkerhetsområdet i Forsand kommune. Systemet skal og presisere **kven** skal gjere det. Og til slutt skal systemet og innehalde ei beskriving av **korleis** tiltaka skal gjennomførast.

### 2. Målsettingar

#### 2.1. Arbeidsgjevarstrategi.

Kommunen sin arbeidsgjevarstrategi gjev uttrykk for dei overordna føringane for kva som skal prege tilhøve mellom arbeidsgjevar og dei tilsette. Alle andre verktøy i HMS-arbeidet skal vere underordna og innordna i arbeidsgjevarstrategien.

#### 2.2. HMS-retningslinjene

**Målsettingar:**

Vi skal ha ei målsetting om ein trygg og open bedriftskultur med evne til å løyse konflikter på eit tidleg stadium.
Vi skal ha som målsetting å syte for gode og sikre arbeidsvanar, klare ansvarstilhøve, godt samarbeid, eigna lokale, og sikre at produkt og brukartenester er av god kvalitet.
Vi skal arbeide for å stabilisere sjukefråværet i kommunen på 5 %, jf handlingsplan for IA-arbeid og arbeide for at det arbeidsrelaterte fråværet er på eit minimum.

#### 2.3. Inkluderande Arbeidsliv

**IA-avtalen**

IA-avtalen inneheld 3 delmål:
2.3.1. Delmål 1: Sjukefråveret skal i avtaleperioden reduserast med 20% i høve til sjukefråveret i 2.kvartal 2001.

seksjonar og revisjon av stoffkartotek i 3 seksjonar. Når det gjeld datatryggleik er det føretatt 9 revisjonar av datatilgangar.

**5.4. Inkluderande arbeidsliv**
Oversikt over sjukefråveret vert gjennomgått kvart kvartal i AMU. Praktiseringa av IA-rutinen er gjennomgått med leiarar og tillitsvalde to gonger i løpet av året. Vurderinga er at oppfølginga av IA-rutinane er god i kommunen. Dette skal ideelt sett innebere at alt arbeidsrelatert fråver blir tatt opp og vurdert i høve til tilrettelegging. Dialogmøte og rapportering til NAV når det gjeld sjukefråversoppfølging er i rute.

**5.3. Seniorpolitikk**
Det er vanskeleg, kanskje umulig, å vite i kva grad seniorpolitikken fungerer etter målsettinga. Ein vil aldri kunne vite kva situasjonen hadde vore dersom me ikkje hadde desse stimuleringstiltaka.

## Utfordringar framover:

**1. Vidareutvikling av kvalitetssystemet.**
Det arbeidet som har pågått i 2011 med å utarbeide eit samla overordna kvalitetssystem må halde fram i 2012. Det er på gang ein del endringar når det gjeld IT-tryggleik som det må lagast rutiner for. Det er tilslutt eit mål å lage eit samledokument – ei kvalitetshandbok – for kommunen.

**2. Arbeid med implementering/oppfølging av kvalitetssystemet**
Me ser av praksis i 2011 at det må gjerast meir for å følgje opp slik at tiltak vert ivertsett i samsvar med mål. Månadsrapporteringa kan bli betre, det same gjeld praksis når det gjeld sjekklister ved tilsetting og avslutting.

Audun Grødem
organisasjonssjef

41

# Forsand kommune

Personalkontoret

**Mottakarar:**
Audun Grødem
Terje Nysted

| **Saksbeh** | **Ref.** | **Arkivkode** | **Dato:** |
|---|---|---|---|
| Siw Kristin Sundheim | 12/271-15 | /K3-&14 | 19.03.2012 |

## Årsmelding personalkontoret - 2011

**Status 2011:** Personalressursar på personalkontoret: pr 31.12.11 er det 60 % stilling som personalrådgivar, og 20 % sekretærressurs, då pers. rådgivar er omdisponert til 40 % stilling innan plan- og næringsutvikling. Det overordna ansvar for personalarbeidet er lagt til organisasjonssjef, Audun Grødem. Nedanfor følgjer statistikk som er henta ut av Visma Enterprise personalsystem. Pedagogisk personale dvs. undervisningsstillingar i skulen har eigen statistikk p.g.a. at desse stillingane er medlem av statens pensjonskasse..

## Tilsette i kommunen i år 2007, 2008, 2009, 2010 OG 2011: *(unntatt pedagogisk personale)*

| **Tal på tilsette** | *Totalt 2007* | *Totalt 2008* | Menn 2009 | Kvi. 2009 | Menn 2010 | Kvi. 2010 | **Menn 2011** | **Kvinner 2011** | **Totalt 2011** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Fast tilsette:** | *143* | *138* | 24 | 138 | 26 | 136 | **25** | **127** | **152** |
| **Vikarar:** | *43* | *42* | 4 | 41 | 3 | 41 | **6** | **25** | **31** |

## Årsverk kommunalt tilsette, fordelt på kvinner, menn og vikarar: *(unntatt ped.personale)*

| **Årsverk:** | *Totalt 2007* | *Totalt 2008* | Totalt 2009 | Totalt 2010 | **Menn 2011** | **Kv. 2011** | **Totalt 2011** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Faste stillingar** | *95,54* | *91,32* | 99,10 | 102,67 | **20,08** | **88,87** | **108,95** |
| **Vikarar** | *21,58* | *22,88* | 20,10 | 20,63 | **3,41** | **10,5** | **13,9** |
| **Sum årsverk** | *114,12* | *114,20* | 119,21 | 123,3 | **23,48** | **99,2** | **122,85** |

**Kommentar:* *Nokon tilsette har lønna fødselspermisjon, og nokon er langtidssjukemeldte og mottek løn. Når vikaren og får løn i same stilling vil dette påverke statistikken dvs. dobbeltføring (sjølv om vi får refundert kostnadene av NAV). Avvik kan difor dette året vere på ca 6 årsverk for mykje. Dei som har reduserte stillingar er rekna med i statistikken med den reduserte stillingsprosenten, samstundes er vikaren rekna med i den resterande stillingsprosenten.*

## Gjennomsnittleg årslønn og stillingsprosent fordelt på kvinner og menn: (inklusive pedagogisk personale)

| (faste stillingar) | Gj.snittleg årslønn pr. **årsverk: Kommune** (faktisk årslønn) | Gj. snittlig årslønn pr årsverk **pedagogisk personale** | Gj. snittleg stillings-størrelse fordelt på kjønn **Kommune** | Gj.snittlig stillingsstørelse fordelt på kjønn **pedagogisk personale** |
|---|---|---|---|---|
| Menn 2007 | 384 259 | 381 374 | 83,83 % | 93,75 |
| M-2008 | 400 607 | 343 545 | 79,18 | 97,78 |
| Menn 2009 | 429 886 | 416 448 | 77,07 | 92,22 |
| Menn 2010 | 446 558 | 432 566 | 82,33 | 98,53 |
| **Menn 2011** | **497 069,-** | **460 547,-** | **88,87** | **91,25** |
| Kvinner 2007 | 317 436 | 394 090 | 61,08 % | 74,73 |
| K-2008 | 341 659 | 398 912 | 63,15 | 84,72 |
| Kvinner 2009 | 345 238 | 421 860 | 58,41 | 80,49 |
| Kvinner 2010 | 361 585 | 433 523 | 60,22 | 91,07 |
| **Kvinner 2011** | **377 453,-** | **462 385,-** | **69,97** | **70,83** |

Tabellen viser ei gjennomsnittleg auke i årslønn (kommune) for menn på kr 50 511,- mens kvinner hadde ei gjennomsnittleg auke med kr 15 868,-. For ped. personale viser statistikken ei auke for menn på kr 27 981,- og for kvinner kr 28 862,-.

## Tal på tilsette: pedagogisk personale – Forsand skule:

| **Tal på tilsette** | **Menn: 07-08-09-10-11** | **Kvinner: 07-08-09-10-11** | **Totalt: 07-08-09-10-11** |
|---|---|---|---|
| **Fast tilsette:** | 8 – **9 - 9 - 8 8** | 17 **18 15 16- 17** | 25 **27 24 24-25** |
| **Vikarar:** | 0 **1 -0 1 1** | 6 – **3 4 – 4 5** | 6 – **4 - 4 – 5 6** |
| **Totalt faste og vikarar** | 8 – **10 9 – 9 9** | 23 **21 19 20 22** | 31 **31 28 29 31** |

## Årsverk pedagogisk personale – Forsand skule:

| Årsverk: | Menn 07-08-09-10-**11** | Kvinner 07-08-09-10 - **11** | Totalt 07-08-09- 10 - **11** |
|---|---|---|---|
| **Faste stillingar** | 8– 8,8- 8,3- 7,8 – **7,8** | 11—15-12,-14,6— **13,43** | 19, 24, 20,37- 22,45-**21.23** |
| **Vikarar** | 0 – 1 – 0 - 0,07 - **1** | 3,78 – 1,43 – 2,6-1,99, **2,92** | 3, 8 – 2,4 – 2,6 – 2,06, **2,9** |
| **Sum årsverk** | 8 – 9,8 – 8,3-7,87, **8,8** | 14,49– 16,68 – 14,65-**16,59** | 22,99 – 26,48 – 22,95 – **24,51** |

## Sum årsverk alle tilsette 2011 (inkl. pedagogisk personale)

| Årsverk: | Menn 2010: | Kvinner 2010 | Menn 2011 | Kvinner 2011 | Totalt 2011 |
|---|---|---|---|---|---|
| Faste stillingar | 29,18 | 95,89 | 28,9 | 102,3 | 131,2 |
| Vikarar | 2,27 | 20,42 | 4,41 | 13,42 | 17,83 |
| Sum årsverk | 30,63 | 121,09 | **33,31** | **115,72** | **149,03** |

* Oversikten viser ein nedgang i årsverk på 2,6 årsverk. Dette kan skuldast færre tilsette i foreldrepermisjon, og at det ikkje er vikar inne i alle langtidssjukemeldingar. Dei som mottek fødselspengar eller sjukepengar, og samstundes har ein vikar i stillinga så teller begge med i statistikken, (slik at det blir ei dobbeltføring).

## Sjukefråvær:

| **Årstal** | 99 | 00 | 01 | 02 | 03 | 04 | 05 | 06 | 07 | 08 | 09 | 10 | **2011** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Sum %** | 5,9 | 8,5 | 5,5 | 7,4 | 6,3 | 6,6 | 6,7 | 5,4 | 5,98 | 6,4 | 7,3 | 7,2 | **6,6** |

## Administrative vedtak – personalkontoret:

| 1999 | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | **2011** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 114 | 135 | 124 | 114 | 113 | 153 | 106 | 147 | 128 | 111 | 114 | 138 | **114** |

## Saker til behandling i arbeidsmiljøutvalet:

| 1999 | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | **2011** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 32 | 23 | 27 | 23 | 17 | 26 | 8 | 20 | 19 | 23 | 25 | 18 | **31** |

**Lokale lønsforhandlingar:** Det blei ikkje gjennomført lokale lønsforhandlingar i kap. 4 b eller C. Det blei og gjennomført lokale forhandlingar for tilsette i kap. 3.4.2, (seksjonsleiarar) og andre tilsette i kap. 5 (tilsette som får si lønn fastsett utanom lokal pott). Administrasjonsutvalet v/ arbeidsgivarrepresentantane fastsette lønn for plan- og utviklingssjef, organisasjonssjef og rådmann (kap. 3.4.1.) **Budsjettet for 2011 er i balanse.**

## Utfordringar framover:

1. **Seniorpolitikk:** Stimulere til at flest mogleg av dei tilsette vel å arbeide fram til pensjonsalder i staden for å gå av med AFP.
2. **Rekruttere og behalda kvalifisert arbeidskraft:** Kommunen bør arbeide for å vere konkurransedyktig når det gjeld lønn, spesielt i stillingar som krev høgskule/universitetsutdanning, men også fagarbeidarar. Konkurransen om arbeidskrafta er aukande. For å rekruttere kvalifisert arbeidskraft er det ein stor fordel å kunne tilby passande bustad. Pr. i dag er det framleis ingen ledige kommunale bustader, samstundes som den private bustadmarknaden er meir eller mindre utilgjengeleg (blir i stor utstrekning leigd ut som feriebustader i sommarsesongen
3. **Unngå oppseiing av tilsette** men heller leggje til rette for omplasseringar og naturleg avgang.
4. **Samordning av personalarbeidet** som utførast på seksjonsnivå for kvalitetssikring og sikre ei lik praktisering av reglement og lov/avtaleverk.

Siw Kristin Sundheim
personalrådgjevar

# Årsmelding 2011 - økonomikontoret

Økonimikontoret er organisert i rådmannens stab og har i hovudsak desse arbeidsoppgåvene:

1 Rekneskapsføring i samarbeid med seksjonane
2 Budsjett og økonomiplan
3 Skatteoppkrevjar / eigedomsskatt
4 Lønn
5 Støtteverktøy (webrapportering rekneskap)
6 Utvikling av økonomirutinar, bidra til at dei er kjent og vert fylgt
7 Rapportering

Økonomikontoret har 3,5 årsverk. Desse er for tida fordelt på 0,7 stilling på rekneskap, 0,8 stilling på lønn, 1 stilling på skatt/rekneskap og 1 stilling som leiar. Avdelinga hadde i 2011 ei budsjettramme på 2 603 000 og eit forbruk på 2 416 000. Avviket skuldast hovudsakleg at budsjettert oppgradering av Visma-system ikkje fann stad før 2012.

Måloppnåing
Målet er å ha rettast mogleg rekneskap til ei kvar tid med minst mogleg feil og avvik samt å få utført arbeidsoppgåvene innan dei gjeldande fristane. Månadsrapporteringa i leiarforum til rådmannen er eit viktig verktøy i denne samanhengen og er i stadig utvikling.

Resultatvurdering
E-faktura til forbrukar medfører ein betydeleg kostnadsreduksjon for vår del så me skulle nok ønska at tilslutninga framleis aukar. Notus- turnusprogram har i 2011 blitt utvida til endå fleire seksjonar i organisasjonen og reduserer feilutbetalingar, medfører betre kvalitetssikring og mindre manuelt arbeid slik at ressursane kan fordelast til andre oppgåver.

Utfordringar
Den største utfordringa vår er som før å unngå feil og avvik. Betre internopplæringa både når det gjeld kontoplan, mva–kompetanse og rapportering for optimal økonomistyring. KOSTRA er statistikk og tala kan snurrast i mange retningar men me ønskjer å oppnå best mogleg samanliknbare tal. Det må framleis vera fokus på effektivisering av administrative og økonomiske rutinar.
Me har ennå ikkje alt heilt på plass når det gjeld e-handel, utsending og mottak av e-faktura til bedrifter, noko som ifølgje sentrale retningslinjer bør skje i løpet av 2012.

Forsand mars 2012

Ellen Kathrine Hagen
økonomileiar

# Forsand kommune

Rådmannen

| Saksbeh | Ref. | Arkivkode | Dato: |
|---|---|---|---|
| Årstein Løland | 12/271-18 | /K3-&14 | 21.03.2012 |

## Årsmelding for kraftfondet - 2011.

### Innleiing

Ein legg med dette fram årsmelding for kraftfondet for 2011 i samsvar med vedtektene for fondet.

Viser elles til rekneskapet med kommentarar nedanfor.

### Formål

Formålet for kraftfondet er å medverka til næringsutvikling med sikte på auke i lokal verdiskaping og sysselsetting.

### Generelt om bruken av fondet

Fondet vert i hovudsak nytta til planlegging, utgreiing og utbygging av offentleg infrastruktur, andre fellestiltak, marknadsføring og medlemsstøtte til drift av regionale og landsomfattande nettverk for å betre rammevilkåra for kommune, næringsliv og busetnad. Elles vert fondet nytta som direkte støtte til næringslivet i samband med utgreiing og planlegging av næringsprosjekt, samt til utvikling/utbygging av infrastruktur. Til grunn for arbeidet ligg retningslinjer for bruk av kraftfondet, kommuneplan, strategisk næringsplan og landbruksplan.

### Prioriterte oppgåver og utfordringar i 2011

Den strategiske næringsplanen inneheld følgjande prioriterte føringar:

- aktiv næringspolitikk som sikrar høg lokal sysselsettingsgrad
- auka folketal gjennom ein sterkare lyst til å bu i Forsand
- styrkja og utvikla eksisterande næringsliv
- stimulera til nyetableringar
- leggja til rette for vekst og utvikling av reiseliv og kulturbasert næring

Økonomiplan for kraftfondet 2010 – 2013 peika på følgjande utfordringar framover:

- følgje opp dei strategiske planane vi har for næringsutvikling
- revidere strategisk næringsplan
- revidere retningslinjer for bruk av kraftfondet
- utarbeide energi og klimaplan

- utarbeide lokal forvaltningsplan for sandressursane
- fastlegge organisering av framtidig turistinformasjon
- utarbeide masterplan for Forsand kommune (grunnlag for utarbeiding av planstrategi 2012)

**Rammer for bruk av fondet i 2011**

Ramma som var gitt for bruk av fondet i 2011 var om lag 9 mill kroner. Av dette 1.416 mill til styrking av fondet.

**Kommentar**

Spesielt posten driftsutgifter (planlegging/utgreiing) er belasta så mykje at avsetjing til styrking av fondet må gå ut. Så lenge dette er anslagsbudsjettert og aktivitetsstyrt, er det vanskeleg å berekne noko sluttresultat.

**Nye tiltak som fekk støtte etter vedtak i fondsstyret i 2011**

- kr. 20.000,- dekking av bokprosjekt Tor Obrestad
- kr. 80.000,- planarbeid masseuttak Brynjulf Fossan
- kr. 20.000,- Høgsfjordpendlaren
- kr.340.000,- til regulering på Håheller
- kr.30.000,- Villingur – B-stemne
- kr.50.000,- LU Landa familiefestival
- kr. 25.000,- Rite Kunst
- kr. 35.000,- konsert Postgirobygget
- kr.50.000,- handbok langs Lysefjorden
- kr.10.000,- Workshop i Flørli
- kr. 1.600.000,- forskottering fotopunkt Høllesli Nasjonal turistveg
- kr. 70.000,- reguleringsplan hytter i Levik
- kr. 150.000,- Filmkraft Rogaland
- kr. 25.000,- Smaken av Ryfylke
- kr.200.000,- utbetring av Flørlitrappa

**Tiltaksseminar for fondsstyret**

Fondsstyret gjennomførte tiltaksseminaret i samband med deltaking på Landsmøtet i LVK.

**Tiltaksprisen 2011**

Tiltaksprisen for 2011 vart tildelt Forsand Bondelag, Forsand Bonde- og Småbrukarlag og Forsand Sau og Geit.

**Resultatvurdering**

- hotella på Øyren og Oanes rykker stadig nærare
- revisjon av SNP vart starta opp, retningslinjene for kraftfondet vert ein del av revisjonen
- energi- og klimaplanen vart utsett, men kjem opp igjen i 2012

- forvaltningsplan for sandressursane har vore på vent til den regionale planen vert ferdigstilt – nå vil arbeidet mest naturleg verta sluttført med kommunedelplanar både for Fossanmoen/Hestamoen og Nedre Espedal
- arbeidet med ny organisering av turistinformasjon vart ikkje starta opp
- arbeidet med grunnlaget for ny planstrategi er starta opp

**Utfordringar framover**

- utsikkerheit i planlegginga på grunn av at fastlandssambandet for Ryfylke manglar avklaringar
- vidare organisering av Lysefjorden Utvikling
- gjennomføring av vedtatt planarbeid
- styrking av kraftfondet ved å overføre noko av dagens pengebruk til ordinære driftsmidlar

Årstein Løland
plan- og utviklingssjef

# Forsand kommune

Seksjon kultur

| Saksbeh | Ref. | Arkivkode | Dato: |
|---|---|---|---|
| Åshild Hus | 12/271-17 | /K3-&14 | 20.03.2012 |

## Årsmelding 2011 - Kultur

## 1.Økonomi

Kulturseksjonen hadde i 2011 eit budsjett på 3.400.000,-. Avslutta rekneskap for seksjonen vart 3.176.000,-. Eit underforbruk på 224 000,- kr.

| Kultur | Rekneskap | Budsjett |
|---|---|---|
| Teneste 2310 Aktivitetstilbod barn og unge | 193 000 | 227 000 |
| Teneste 3601 Friluftsområde | 35 000 | 22 000 |
| Teneste 3650 Kulturminnevern | 10 000 | 5000 |
| Teneste 3750 Museumstenester | 4 000 | 51 000 |
| Teneste 3850 Andre Kulturføremål | 1 510 000 | 951 000 |
| Teneste 3851 Kulturaktivitetar | 142 000 | 430000 |
| Teneste 2340 Aktivitetssenteret | 570 000 | 573 000 |
| Teneste 3853 Kafe Mulen | 238 000 | 283 000 |
| Teneste 3700 Bibliotek | 778 000 | 858 000 |
| Sum: | 3 176 000 | 3 400 000 |

## 2.Tenesteproduksjon

Kulturseksjonen omfattar eit stort arbeidsfelt med teneste- og budsjettområda friluftsliv, kulturminne/kulturhistorie, museum, kulturadministrasjon, kulturaktivitetar, fritidsklubb, aktivitetssenter, frisør, kafé Mulen og bibliotek.
Me har nær kontakt med lag og organisasjonar, handsamar søknadar om kulturmidlar og spelemidler.
Frivillige, enkeltpersonar, lag og organisasjonar gjer ein kjempeinnsats for gode trivselstiltak.

*Friluftsliv*
Me har hatt eit godt samarbeid med leiar for landbruk om tilrettelegging og vedlikehald av turstiar. Me hadde to skuleungdomar som rydda og merka stiar tre veker i sommar.
Kultur og Landbruk har inngått eit samarbeid med Akora i Strand om vask av do og rydding av søppel ved nokon av friluftsområda.
Var med i planlegginga og gjennomføring av ei stor Markering av Nasjonal Turistveg Ryfylke. Markeringa vart lagt opp som ei ferd langs turistvegen kor ordførar og 9 klasse sykla frå Oanes til Strand (i alle fall nesten..) kor dei gav stafettpinnen vidare til Strand, som fortsette ferda til Hjelmeland kor det var ei stor markering med mat og kulturinnslag. Det same vart gjort motsatt veg frå Sauda mot Hjelmeland.

*Museum/kulturminnevern*
I 2011 har Rogaland Fylkeskommune arbeida med ny Musemsplan. Kulturleiar har vore med i møter kring dette og signalisert behovet for at Fortidslansbyen Landa vert definert som ei eiga

museumseining som bør få økonomisk støtte frå fylket. Ein har også internt i Forsand arbeida med å sjå på ny organisering av Landa då Lysefjorden Utvikling er under ei omorganisering og ikkje lenger kan ha driftsansvar for Landa.

*Ryfylkesamarbeidet Kulturforum Ryfylke og Kulturhaust i Ryfylke*
Kulturforum Ryfylke - organiserer Kulturhaust i Ryfylke. Forumet består av kulturleiarane i Ryfylke og er eit svert viktig og godt samarbeidsfora.
Samarbeidet har ført til at ein har fått god finansiering til arrangement gjennom Ryfylkefondet og Fylkeskommunen. På den måten får ein svert mykje igjen for ein liten investering for kommunen.
Forsand arrangerte fleire større arrangement gjennom Kulturhaust i Ryfylke. Me hadde blant anna to forestillingar for barn, Skromlehjulet "Eit spøkelse i Ryfylke" og forteljarstund "Av og med Rasmus Løland". I tillegg hadde me konsert med Gisle Børge Styve Trio, og foredrag ved naturfotograf Arne Nævra.

*Samarbeid Forsand og Strand*
Det vart vedtatt politisk ved fellesmøte mellom Strand og Forsand at dei ynskja å sjå nærmare på ei evt samanslåing av fire tenesteområder i dei to kommunane. Dette gjaldt kultur, teknisk, lege og næring.
Det vart satt ned ulike komitear kor blant anna kulturleiar i Strand og Forsand arbeida med å sjå på ei felles kulturavdeling. Komiteen kom fram til mange positive konsekvensar ved ei slik felles eining, men og nokon utfordingar. I Forsand var ein positive til ei samanslåing av to områder i første omgang, kultur og lege. I Strand ynskja dei å gjennomføre ei samanslåing på alle fire teneste områda samstundes. Ein kom difor ikkje fram til ei løysing i denne omgang.
Strand og Forsand samarbeider likevel tett kring ulike deler ved kulturarbeidet, især ved arrangement kor den fysiske avstanden er så kort mellom dei to kommunane at publikum kan nytta tilbodet i begge kommunar.

*UKM*
Lokalmønstringa vart i år arrangert saman med Strand på Torghuset på Jørpeland. Utøvarane vart vurdert ut i frå kva kommune dei kom frå, med jurymedlemmer frå begge kommunane.
Det var fleire positive gevinstar ved dette - både økonmisk og sjølve arrangementet vart større og meir motiverande for utøvarane.

*Ausekaret*
Ausekaret vert utdelt anna kvart år, neste gang i 2012.
I 2010 gjekk Ausekaret til Steinar Håland for sin innsats i idrettslaget.

## Prosjekt

Landaspelet
Landaspelet er basert på eit manus kreven av Tor Obrestad og vart første gang framført i 2009. Sommaren 2011 vart Landaspelet satt opp på nytt, denne gang under Landafestivalen.
Dette var eit vellukka prosjekt kor frivillige frå kommunen, Strand og Hjelmeland var med som skodespelarar. Frivillige sto for kostymer og rekvisittar. Store delar av KorKult var med som skodespelarar og sangarar. Det vart leigd inn profesjonell regissør, solist og musikar. Det vart spelt ei førestilling pr dag, til saman tre dagar, med godt besøk alle dagar.

Pilt-Ola (Ole Olsen Songesand 1779-1858)
Treårsprosjekt - har økonomisk vore støtta av Ryfylkerådet, RUP – Rogaland fylkeskommune og Forsand kommune. Prosjektet er no i siste fase, og vil avsluttast i januar 2012 ved ei markering kor alle bidragsytarar vert invitert.

Ryfylkebiblioteket

Biblioteksjefen i Forsand tok sommaren 2009 initiativ til eit samarbeidsprosjekt med biblioteka i Strand, Hjelmeland, Finnøy, Suldal og Sauda om profilering, koordinering av arrangement og felles løysing for utlån av elektroniske media (e-bøker o.l.) Prosjektet er godt i rute og er unik i sin karakter. Biblioteka har no lagt om til fellesbiblioteksystem. Ryfylkebiblioteket vert organisert som ei eining i Ryfylke IKS og vil komme i driftsfase frå 2012.

Forsand er prosjektleiar. Prosjektet vert finansiert av ABM Utvikling, Rogaland Fylkeskommune, eigeninnsats og Ryfylkefondet.

## AKTIVITETSSENTERET

Aktivitetssenteret har brukarar i alle aldersgrupper, med hovudvekt av eldre som bur på Forsandheimen og frå bygda elles. Mål som alt er oppnådd er å ha tilbod om min. ein dagleg praktisk aktivitet innan husflid/vev, handarbeid, baking, data og eigenaktivitet. Ev. kulturelt tilbod som utanbygds artistar, allsongprogram, teater, opplesing og andre kulturinnslag samt kurs kjem i tillegg. Det er satt ned ei ressursgruppe med representant frå PLO, Psyk, Funkjsonshemma, Eldrerådet, Pensjonistforening og kulturleiar som er med på å utforme programmet og kva tilbod ein ynskjer ved Aktivitetssenteret.

Ser behov for tilbod for eldre om ettermiddagen, samt tilbod for dei å komma ut. Prøver så langt ressursane rekk å organisere sporadiske turar ut av senteret, som til tider kan vera vanskelege å gjennomføra grunna knapp bemanning. Det er ynskjelig å få til eit tettare samarbeid med pleie- og omsorg og lokale frivillige/lokale lag.

**ARRANGEMENT - i regi av aktivitetssenteret**

- Syng med oss kvar 14.dag
- Seniorshop
- Seniorsurf
- Grillaktivitetar (2 stk.)
- Barneteater ( 2stk)
- Forstillingar: Marianne Kostøl, Tore Nærland
- Høgtlesing av Synnøve
- Sogelaget ved Tora Liv – kvar 14 dag
- Ost og Vinkvelder , Torsdagsdans
- Frukost siste torsdag i mnd. for psyk.
- Fleire turar ut, Rosehagen, Verkshotellet og vi såg oss om i distriktet
- Kor kult / Strikkekaffe/ Oljemaling / Akrylmaling / Barselgruppe
- Fleire Konserter
- Hjelp til vaksinering
- Vi laget grillspyd, Småkaker til heimen , potetkaker.osv
- Påskeverksted for fritidsklubben
- Vevane var i gang
- Flatbrød og lefse steiking,
- Smykkar, Akrylmaling, Esker, dørmatter osv.
- Hagelaget / akt.senteret: Juledekorasjoner
- Julebord med heimelaga pinnekjøtt
- Julemesse
- Foredrag (2 stk)
- Juleverksted for Barnehagen
- Psykiatritenesta har sine faste temamøter på Aktivitetssenteret. Pensjonistforeninga, Båtforeningen og Forsand vellforening har også sin faste møter i lokala. Lokala blir og brukt til private arrangement som konfirmasjonar og fødselsdagsfeiringar.

**FRISØR** - Frisørtilbodet, eit godt helsetiltak. Faste frisørdagar måndag og tysdag, torsdag ev. etter behov. Frisør gjekk av ved pensjon juni 2011. Ny frisør starta i august og oppretthalde same tilbod som før, men er ikkje kommunalt tilsett, driv for seg sjølv.

**FRIVILLIGE** - Kunne ønska oss fleire frivillige. Dei som alt er hos oss gjer ein uvurderleg innsats som er heilt avgjerande for dagens driftsnivå.

**SAMARBEID** – med kulturskulen, kjøkkenet på Forsandheimen, psykiatritenesta, kyrkjekontoret, eldrerådet, frivillige, Musikklaget, Båtforeningen og pensjonistforening om ulike aktivitetar og møter.

**UTFORDRINGAR**:
Aktivitetssenteret balanserar mellom å ha eit dagtilbod som primært treff dei som bur på heimen, samstundes som ein ynskjer at senteret skal kunne fungere som ein kulturell møteplass for alle. Det er vanskeleg å få til arrangement og aktivitetar som trekk ulike brukargrupper, den eine gruppa ekskluderer ofte den andre. Ein ser også at eldre som bur heime føler seg for friske til å nytte tilbodet ved Aktivitetssenteret.

## AKTIVITETSTILBOD BARN OG UNGE

Arbeidet med Fritid barn og unge har i 2011 utgjort 30% stilling. Formålet med stillinga er å fremme ein sunn fritid for barn og unge i Forsand kommune gjennom eit målretta arbeid som mellom anna inneberer eit samarbeid med skule, idrettslag og Strand kommune. I 2011 har dette blitt ivaretatt gjennom drift av fritidsklubb og arrangering av diverse arrangement for barn og unge, *samt noe arbeid som koordinator for* Samordning av lokale kriminalitets- og rusførebyggjande tiltak. (SLT-koordinator).

Fritidsklubben og diverse arrangement

Fritidsklubben har i 2011 hatt opent kvar torsdag frå 18-20 heile året for aldersgruppa 4-7 klasse. Hausten 2011 har 7-10 klasse i tillegg hatt eit tilbod om klubb på torsdagar frå 2000-2130. Ein har i hovudsak nytta føresette som vakter i tidsrommet 18-20.
Fritidsklubben har tilbudd aktivitetar som air-hockey, bordtennis, playstation, og biljard med meir. I tillegg har det vore arrangert diverse arrangement som karneval og halloweenparty for dei minste og skumparty, ungdomskonsert med Kriminell Kunst og romjulsarrangementet for dei eldste.
Tilbodet har vært populært og det har i gjennomsnitt vore ca 15 ungar per gong på ordinær klubb mens det har vore 40-80 på arrangementa.

SLT-koordinator
Det er gjennomført 2 møter i styringsgruppa for SLT i 2011.

## KAFÈ MULEN

Kafeen er ein møteplass i hjarta av Kulturhuset. Drifta følgjer i hovudsak opningstider i symjehallen. Effektiv og god drift. Dess meir aktivitet på huset, desto meir handel er det.
Jamt besøk, år etter år. Same mønster, topp nå frem til påske. Lite om kveldar mot sommaren – topp igjen på hausten. Fleksibelt personale, to nye unge vikarar.

**BIBLIOTEKET**

I 2011 hadde biblioteket eit budsjett på 858.000 som ikkje vart øverskrede.
Kostandsbilete var det same i 2011 som i 2010. Då viste kostratal at biblioteket sin andel av kommunen sine samla driftsutgiftene var på 0,7 %. Det er same nivå som i dei andre Ryfylkekommunane.

**Tenesteproduksjon og resultat**
Utlånet til barn og vaksne er på same nivå som i 2010 og ligg over gjennomsnitt samanlikna med nasjonale tal. Trenden med synkande utlånstal for film og lydbøker er broten – kanskje fordi biblioteket har satsa bevisst på innkjøp av film, særleg til barn.

Det er relativt stor nedgang i utlånet av skjønlitteratur til vaksne samanligna med 2010. Vi kan ikkje seie kva det skuldast utan nærare undersøkjingar. Nasjonal statistikk syner at utlånstala frå biblioteka er svakt synkande sjølv om folk les meir.

| Utlån | 2010 | 2011 | Endring i % |
|---|---|---|---|
| | | | |
| Totalt utlån | 9672 | 10274 | + 6,2 % |
| Bøker – barn | 5275 | 5216 | - 1,1 % |
| Bøker – vaksne | 2347 | 1706 | - 27 % |
| Film | 1380 | 1704 | + 23 % |
| Lydbøker | 551 | 633 | + 15 % |

I samarbeid med dei andre biblioteka i Ryfylke markerte biblioteket at det var 150 år sidan Rasmus Løland vart fødd med ei forteljarstund for barn kor det var ca 50 frammøtte. For dei vaksne var det boklansering med lokal forfattar i november og utdeling av gratisbok i prosjektet "Hele Rogaland leser".

I 2011 gav forfattaren Arthur Hetland, som bur i Forsand, ut boka "Lara". Det var i den forbindelse ei boklansering ved biblioteket kor forfattaren fortalte den sanne historia bak boka "Lara" i samtale med Terje Nysted.

I desember 2011 gjekk biblioteka i dei 6 Ryfylkekommunanae over til felles datasystem for biblioteka. I samband med omlegginga måtte biblioteket halde stengd ei veke i desember. Det har vært visse innkøyringsproblem, men vi er nøgde og stolte over å ha fått på plass ei kostnadseffektiv felles teknisk løysing.

Utfordringar
Dei store utfordringane i 2011 er samkøyring med dei andre biblioteka og innføring av elektronisk utlån. Vi ser også at formidling for barn og unge bør styrkast. Frå skulstart i august vil vi leggje om opningstidene og halde opent to kveldar i veka mot ein no.

**3. RESULTATVURDERING**
Kulturseksjonen arbeider innan eit stort felt og har mange ulike oppgåver. Seksjonen legg til rette for eit breitt kulturtilbod både for unge, vaksne og eldre. Kultur har eit godt samarbeid med lag og organisasjonar i Forsand, og har jevnlege møter med desse..
Seksjonen har fleire spanande prosjekt som er utviklande for seksjonen internt, men som også er med på å setje Forsand på kartet utad.

Seksjonen er liten og det er avgrensa fagmiljø for dei tilsette, dette har ført til at seksjonen har blitt flinke til å tenkje samarbeid på tvers av kommunegrenser.
Seksjonen nyttar ressursane godt og får mykje ut av budsjettet. Seksjonen har òg vore flinke til å hente eksterne midlar til prosjekt.

**Personal**
Kulturseksjonen har ein stabil personal situasjon med lite sjukdomsfråvær. Vikarsituasjonen kan vere utfordrande då ein har lite stabilt arbeid å tilby ringevikarar, noko som fører til at det kan oppstå problem med å få vikar når ein ynskjer.
Kulturleiar Åshild Hus er i vikariat for Eva Landre Meling som for tida er "utlånt" til Strand Kommune.

## 4. UTFORDRINGAR.

Det er ei organisatorisk utfordring å driva ein liten seksjon der dei fleste går i deltidsstillingar, med ein tilsett på kvart arbeidsområde, kor i tillegg personalet er lokalisert på ulike stader.
Kompetanse – liten stab som jobbar innan eit svert breitt felt, ein person må ha mange forskjellige oppgåver, vanskeleg å ha tilstrekkeleg kompetanse på alle områda.
Begrensa ressursar – går ut over utviklings oppgåver, mykje av tida går til drift av eksisterande tiltak.
Område som er ynskjeleg å utvikla i større grad:
Museum – Ynskjer nye tilbod/utstillingar. Har eit magasin som kunne vore utvikla til eit spanande bygdemuseum. Landa – oppgradering av hus og uteområde, finne ei god driftsform, med sunn økonomi.
Friluftsliv – Meir fokus/marknadsføring av tur stiane, få folk ut på tur! Folkehelseperspektiv.
Kulturnæring – leggja betre til rette for vekst innan kulturnæringane.

Åshild Hus
Kulturleiar

# Forsand kommune

Seksjon helse og sosial

| Saksbeh | Ref. | Arkivkode | Dato: |
|---|---|---|---|
| Elsa Løland | 12/271-19 | /K3-&14 | 21.03.2012 |

## Årsrapport - helse- og sosial 2011

### INNLEIING

Seksjonen består av: legetenesta, fysioterapitenesta helsesøstertenesta, jordmortenesta, psykiatritenesta, avdeling for funksjonshemma, NAV og barneverntenesta.

Dei ulike lovane med forskrifter er styrande for helse- og sosialpersonellet sine oppgåver. Gjennom lovverket har kommunen plikt til å gi innbyggjarane desse tenestene.

### 1.MÅLSETTINGAR FOR ALLE TENESTENE

- Hovudmålsettinga er å yte dei tenestene som er pålagt kommunen gjennom aktuelle lovar og forskrifter, samt oppgåver som følgjer av politiske vedtak.
- Å driva førebyggjande og helsefremjande arbeid som styrker barn, unge, foreldre og andre vaksne/eldre si fysiske, psykiske og sosiale helse.
- Yte brukarane god service gjennom god informasjon, tilgjengelegheit og kort sakshandsamingstid/ventetid.
- Ha fokus på brukarmedverknad og tilpasse tjenesten brukaren sitt funksjonsnivå/muligheter.
- Ha god kvalitet på tenestene, ivareta brukaren sin rettstryggleik og arbeide heilskapleg.
- Samarbeide med andre instansar for å få gode løysingar og utvikle tverrfagleg samarbeid internt for å kunne utnytte ressursane best mogleg.

### 2. DEI ULIKE TENESTENE I SEKSJONEN

### 2.1 Legetenesta

1,2 årsverk med legestillingar inkl kommuneoverlegefunksjonen. Frå slutten av november ein ny lege i 80% stilling. Dvs at me pr 31.12.11 hadde samla 2 legeårsverk. I tillegg har vi hatt 100% turnuslege. Det er i tillegg 1,8 årsverk med sjukepleiarar, samt relativt fast bruk av sjukepleiarvikarer på fredagane p.g.a sjukdom og høg aktivitet ved kontoret.

**Konsultasjonar**

| | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Registrerte pasientkontaktar | **5370** | **6431** | **6970** | **6942** | **7840** | **7420** | **8735** |
| E-meld./ korrespondanse | | | | | | | **3127** |

Året 2011 har vært minst like mye preget av store reformer med behov for driftsjusteringar som de siste 5 årene.

**Nav Reforma**:
Meir tilpassing av legens arbeid i forhold til NAV reforma og IA avtalene: inneheld ei betre oppfølging av sjukemeldte med lengre dialog med pasienten angåande arbeidsoppgåver, vurdering og dokumentasjon av pasientens funksjonsnivå og meir bruk av graderte sjukemeldingar enn før.

**IA avtale**:
Legane deltok meir i dialogmøter ved sjukemeldingsoppfølging og i ansvarsgruppemøter med andre samarbeidspartnarar.

**Samhandlingsreform:**
Kommuneoverlegen har deltatt i møter i Fylke mellom sjukehus og kommunane via rettleiingsgruppa i samfunnsmedisin og hatt dialog med PLO angåande planen å ta imot utskrivningsklare pasientar frå sjukehus frå januar 2012. Innanfor kommunen styrkar vi vidare samarbeid innanfor tenestene i Helse og sosial, PLO.

**IKT/EDB**
I forhold til nye krav om effektivisere, trygg og betre samhandling har vi frå årsskifte 2010/2011 innført ny versjon av pasientjournalsystem. Systemet har dessverre framleis manglar. Legekontor utvekslar elektronisk kommunikasjon med NAV, HELFO, og Spesialisthelsetenesta.

**Tilsynsfunksjon:**
Tilsynslegen har deltatt med begge gruppeleiarane i PLO på eitt 4 halve dagar sjukeheimskurs i Stavanger. Samarbeidsavtale mellom tilsynslege og PLO blei revidert. Tilsynstida ble auka frå ein gong i veka til 2 gongar i veka for å betre tenesta i forhold til pasientane sitt behov.

**Heimesjukpleie:**
Legen har starta med et fast møte med heimesjukepersonellet ein gong pr veke til gjennomgong av pasientane sine medisinske behov.

**Lokalar:**
Lokala blei utvida pga HMS- manglar (lytt og trongt på forkontor og laboratoriet) og pga meir behov for plass til ny deltidslege og turnuslege. Ombygging er i grove trekk avslutta. Enkelte justeringar manglar og teknisk har fått oppdrag til å jobbe vidare med lydtetting og anna.

**Kompetanseheving:**
Kommuneoverlegen spesialiserer seg i samfunnsmedisin.

## *Utfordringar i 2012:*

**1.Satse på vidare kunnskaps- og driftstilpassing vedrørande utfordringar i forhold til NAV reformen, IA avtalen, Samhandlingsreformen, Helse i plan, Ny helse og omsorgslov, Ny folkehelselov.**
**2. Fokus på betring av eigne tenester og betre samhandling innafor kommunen og med spesialisthelsetenesta i forhold til: Rehabilitering og habilitering av funksjonshemma inklusive pasientar i psykiatrien og rus.**
**3.Samhandling med alle etatene i kommunen i forhold til ny folkehelselov/ forebyggende gruppetilbud.**
**4. Få på plass faste møter med Strand kommune i forhold til legevaktsamarbeidet – driftsbudsjettsmøter samt faglige møter mellom legane og kommuneoverlegane.**

## 2.2 Jordmor- og Helsesøstertenesta

Det er til saman 100% stilling som helsesøster. P.g.a omsorgspermisjon har vi hatt sjukepleiar i vikariat gjennom 2011. Jordmortenesta er i samarbeid med Strand. Vi dekker 50% stilling og 50% driftsutgifter som telefon, kurs. Nedskjering på liggedøgn på UIS for dei fødande har ført til tettare oppfølging frå jordmor via telefon og heimebesøk. Jordmor og helsesøster får tilbakemelding frå foreldra at dette gjev tryggleik og at dei har fått god hjelp når det har vore behov for det.

| | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Fødselstal | **15** | **17** | **10** | **18** | **15** | **15** |
| | | | | | | |

Faste møter mellom SUS v/leiinga av føde- og barsel-avdelinga, kommunejordmødrene og leiande helsesøstrer.
Forskrift og veileder for helsestasjonen sin minstestandard er gjennomført.

**Kompetanseheving:**
I 2011 deltok helsesystervikaren med psykiatritenesta på innføringskurs i "Psykologisk førstehjelp". Dei skal våren 2012 inn i klassane på ungdomstrinnet og undervise i dette temaet. Sjukepleier som har vore tilsett i helsesysterstillinga byrja hausten 2011 på ei vidareutdanning i "Psykososialt arbeid for barn og unge – tverrfaglig" Ein har fått tilskot frå Fylkesmannen for å dekke utgifter til reis og opphald. Ein ser at dette gjev relevant og verdifull kompetanse som kjem kommunen til gode i arbeidet med barn og unge.

Helsesystervikaren har vore med i **ICDP opplæringa** som kommunen har gjort avtale om å delta i. Utfordringa blir å få til eit godt samarbeid mellom dei som har tileigna seg kunnskapen og vidare rekruttere foreldre til å delta på kurs.

***"Godt samliv-kurs"*** har ikkje vore tilbudd siste året. Dette har tidlegare vore eit samarbeid med Strand kommune. Signala frå Strand tyder på at det er uvisst om dette er noko dei vil prioritere framover. I så fall må vi vurdere om vi skal få på plass eit alternativt tilbod/kurs.

Helsetilsynet sin rapport; "Styre for i styrke", frå tilsyn med helsestasjonsverksemda, viser at helsesystrene ikkje i stor nok grad prioriterer den administrative og politiske delen av jobben. Dei er bl.a. ikkje gode nok til å væra premissleverandørar mot kommunepolitikarane. Dette er også ei utfordring sjå oss.

Det er etablert tverrfaglege samarbeid mellom helsesøster, barnehage, skule, psykiatrisk sjukepleiar og barnevern med regelmessige møter. Det vert skreve saksliste og referat. internettside.

***WinMed3Helsestasjon.*** I overgangen 2010/2011 fekk vi ny programvare for jordmor- og helsesystertenesta og vi hadde tre dagar med folk frå Profdoc til installering og opplæring i starten. Det er mykje nytt i denne programvaren i.f.t. det programmet vi hadde før. Det er tidkrevjande å setja seg inn i korleis dette fungerer og få rutinar på bruken av alle funksjonane. Dette er ei utfordring ein har hatt gjennom heile 2011. *Behovet for meir opplæring er tilstades.* For helsesyster som har vore i permisjon og nå er tilbake, er programmet heilt nytt.

***Sysvak/Winmed3Helsestasjon:*** Vi er lovpålagde å melde inn alle vaksiner til sysvak. Her har det vore store problem i dataprogrammet, og vi har nå eit etterheng tilbake til nov 2011. Vi har så langt ikkje fått lovnader om når dette vil bli løyst frå dataoperatøren si side.

***HELFO/ WinMed3Helsestasjon:*** Frå 1.januar 2011 blei det krav om elektronisk innsending av refusjonskrav over linje for helsestasjonar med avtale om direkteoppgjør med HELFO. Det er med *stor skuffelse* vi registrerer at "Winmed3Helsestasjon" ikkje har dei funksjonane som skal til for å få til dette. Vi må framleis sende inn oppgjera via CD. Dette er svært tungvindt.

## *UTFORDRINGAR*

1. SUS har korta ned på liggjetida etter fødsel, og mor og barn kjem heim ennå tidlegare enn før. Dette medfører større utfordring for helsestasjonen. Jordmor og helsesyster må fortsetje sitt samarbeid for å ivareta tidleg oppfølging på ein god måte.
2. ***I skulehelsetenesta*** ser ein behov for å medvirke i vidareutviklinga av gode rutinar/system for kartlegging av mobbing og i arbeidet med vidareutvikling av eit godt læringsmiljø for elevane. Dette er oppgåver som ligg til tenesta, men som er svært ressurskrevjande.
3. ***Fagleg utvikling,*** Målet er å stadig vidareutvikla tenesta. Det er viktig at personalet får delta på kurs for å holde seg oppdatert og tilegne seg ny kunnskap.Det kjem stadig nye forskrifter og retningsliner frå statlig hald utan at det blir tilført tenesta fleire ressursar.
4. Helsesyster og jordmortenesta skal i løpet av 2012/2013 kvalifisera seg i **EPDS/TWEAK/MI.** EPDS (Edinburgh Postnatal Depression Scale)er eit validert screeningsverktøy med dokumentert effekt for å fange opp kvinner i svangerskap og barsel som har symptom på nedstemthet/depresjon. TWEAK er eit kartleggingsverktøy til bruk i samtaler med gravide om deira bruk av alkohol og andre rusmidel.
5. ***Interkommunalt samarbeid.*** Til dømes områder innan foreldre-rettleiing og tema-grupper for foreldre og evt. skuleelevar.

## 2.3 Fysioterapitenesta

Fysioterapeut Lene Ims har vore 60% driftstilskot.. Frå 1.01.2011 er fysioterapeut Idar Berge tildelt 40% driftstilskott. Samla gir dette eitt årsverk med fysioterapi i kommunen.
Prioriterte grupper er som før funksjonshemma barn, vaksne funksjonshemma, kortids rehabiliteringspasientar ved Forsandheimen, akutte skader og nyopererte + sjukemeldte. Dei fleste med belastningslidingar er dei som kjem på venteliste.

**Pasienttal:**

| | **2006** | **2007** | **2008** | **2009** | **2010** | **2011** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Samla pasientar | 85 | 57 | 44 | 80 | 78 | 126 |
| Kvinner | 53 | 31 | 25 | 43 | 42 | 60 |
| Menn | 32 | 26 | 19 | 37 | 36 | 66 |

**Aldersfordelig i 2010:**

**0 – 12 år**:11personar **13-19år**:5personar

**20 – 67:** 66personar **68 – 99:** 43 personar

Omtrent 95% har heimeadresse i kommunen. 100% er tilvist frå lege, kiropraktor el manuelterapeut.
Muskel- og skjelettplager er ein folkesjukdom, som er årsak til mykje av sjukefråværet. Rehabilitering etter t.d slag, ulukker og liknande er også ei utfordring for enkeltindividet. Fysioterapibehandling bør skje saman med eigentrening. Fleire fysioterapeuter legg opp til å ha treningsapparat i tilknyting til praksisen, der pasienten kan drive eigentrening etter rettleiing frå fysioterapeuten. Barn med funksjonshemming treng kontinuerlig oppfølging av fysioterapeut.

**Andre fysioterapioppgåver**:
- Ledet og organisert gruppetrening for motorisk svake barn i 2-3 klasse 1 x mnd
- Treningsgruppe i varmtvannsbasseng 1 x veka

## *Utfordringar:*

***1. Utbetring/utviding av lokala –dette manglar framleis***
***2. Utskifting av apparater/treningsutstyr. Må sjåast saman med pkt 1.***

## 2.4 Psykisk helsearbeid

**Brukartal:**

| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 |
|---|---|---|---|---|
| Brukarar totalt | 30 | 24 | 24 | 24 |
| Nye innskrivingar | 18 | 13 | 8 | 15 |
| Utskrivingar | 12 | 14 | 9 | 15 |
| Heimebesøk | 439 | 340 | 630 | 380 |
| Samtaler | 160 | 122 | 129 | 310 |

Oppfølging av brukarane skjer gjennom individuelle samtalar, ansvarsgruppemøte, fysisk aktivitet både individuelt og i grupper, samt følgje til lege/tannlege med meir, samt generelle samarbeidsmøte.

Gruppetilboda er slik for 2011: Symjegruppe, turgrupper, dagsturar. Vidare har det vore overnattingstur til Svanevatn saman med avdeling for funksjonshemma for begge sine brukargruppa, samt fellesfrokost ein gong pr månad for desse brukargeruppene.

Etter skuletid blei avslutta sommaren 2011. Midlene blir nå nytta til ICDP-kurs dvs foreldrerettleiingskurs, kor og vi i psykisk helsearbeid har fått opplæring/sertifisert i metoden.

Deltaking i prosjektet "Å koke suppe på ein spiker" har medført utvikling av samarbeidet med DPS og kommunane Strand og Hjelmeland.

Det er elles eitt godt samarbeid med både barnevern, helsesøster, legekontoret, PLO, skole og barnhage.

## *Utfordringar:*

***1. Ny 4-årig plan for psykisk helse***
***2. Utvikle tilbodet i skolen om psykisk helse***
***3. Undervisning/veiledning i PLO***

## 2.5 Sosialtenesta – økonomisk stønad/rusproblematikk

Utbetalingar på økonomisk stønad til livsopphald var netto 196.000, mot budsjettert kr. 300.000. Dette utgjer ein auke på 59.000 økonomisk stønad mot fjoråret.

| **Lovgrunnlag/ vedtak** | **2007** | **2008** | **2009** | **2010** | **2011** |
|---|---|---|---|---|---|
| Sosiale tenester | 113 | 58 | 34 | 61 | 56 |
| Kom. Bustøtte / Husbank lån/tilskot | 51 | 40 | 67 | 14<br>8 | 20<br>9 |
| **Totalt** | **164** | **98** | **101** | **83** | **85** |

| | 2006 | 2007 | 2008 | 2010 | 2011 |
|---|---|---|---|---|---|
| Kliental av økonomisk stønad | 28 | 22 | 17 | 22 | 11 |

*Talet på brukarar Forsand kommune har hatt to personar i kvalifiseringsprogrammet i 2011.*
Det er langt færre som mottar kommunal bustønad etter betring av Husbanken si bustøtte.
I tillegg har ein oppfølging av brukarar med rusproblematikk og økonomisk rådgiving til personar som har opparbeida seg gjeld. Begge sistnevnte saksområder er tidkrevjande men ein opplever at dei tilsette sin kompetase aukar.

## 2.6 Sosiale tenester for barn/vaksne med nedsett funksjonsevne.

| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 |
|---|---|---|---|---|
| **Tal brukarar** | 26 | 31 | 29 | 27 |
| Omsorgsløn | 9 | 8 | 4 | 4 |
| Avlastingstilbod | 6 | 5 + 1 frå Strand | 5 + 1 frå Strand | 5 |
| Støttekontakt | 10 | 12 | 14 | 15 |
| BPA | 3 | 4 | 5 | 5 |
| Miljøarbeidarteneste | | 2 | 2 | 2 |
| IP-plan | 6 | 11 | 11 | 11 |

I tillegg kjem 2 av brukarane våre som bur i Strand kommune.

**Målsetjing for arbeidet**
Tenesteområdet avdeling for funksjonshemma skal sørgje for ei teneste for funksjonshemma i kommunen. Stillinga skal medvirke til å fremme sosial tryggleik, samt medvirke til likeverd og likestilling og betre levevilkår for funksjonshemma. Medverke til at den enkelte får muligheit til å leva og bu sjølvstendig og ha eit aktivt og meiningsfullt liv saman med andre. Tenesta skal være lett tilgjengeleg for brukarane.

**Personell og ressursituasjonen**
Avdelinga kjem framleis i situasjonar der vikaren utløyser overtid, dette fordi dei fleste tilsette i kommunen har fleire småstillingar innan ulike tenesteområde.
Avdelinga får tilbakemelding frå tilsette i prosjektet at turnusane er gode og at lønna er bra. Dei gir og tilbakemelding om at dei trivst under avd helse og sosial fordi leiinga ser det menneskelige.

Rekruttering på støttekontaktar og brukarstyrt personleg assistent er vanskeleg, grunngjevinga frå søkjarar som blir spurte er at timetallet er for lite. Dei vil ikkje binda seg for "så lite". Vilkåra for brukarstyrte personleg assistent er heller ikkje bra, eg ynskjer at dei som er i denne type stilling der brukar ikkje har føresetnad for å bli betre burde få same vilkår som ein miljøarbeidar. (pensjonspoeng, sykepenger).

Å halde på tilsette som jobbar 1:1 kan være ei utfordring. Gode personalmøter der tilsette blir sett og høyrt er nødvendig. Prosjektet har 6 timar i md. i møte tid. Desse møta blir eit fellesskap der dei har muligskap til å møte dei andre som jobbar rundt brukar. Utveksle erfaringar, sette opp planar og mål. Vidare å utveksla nødvendig informasjon. Tilsette synest desse møta er særdeles viktige for å samle motivasjon/få motivasjon. Det er og ein arena for faglig innputt frå DPS Ryfylke, div kurs, psykolog frå Lassa. Eg som leiar prøver å veksle mellom det å være berre "oss tilsette frå kommunen" og det å trekke inn fagpersonar. 95% av fag ressursar ein hentar inn er gratis. Vi har hatt fleire frå SUS (sjukehuset) som har førelest om ulike tema. I blant må eg kjøpe eit kurs slik som førstehjelpskurs som vi har anna kvart år.

Brukar som har hatt brukarstyrt personleg assistent har vært ei utfordring. Det er brukaren som skal stå som arbeidsleiar, kommunens ansvar er at dei gjennomførar BPA kurset, godkjenning av timar og løn. Av erfaring viser det seg særs viktig med god kartlegging av brukar sin mulighet til å nyttiggjere seg av BPA.

## Resultatvurderingar

Tilsette som jobbar på prosjektet er særs motiverte. Vi fikk ein flott tilbakemelding frå Ryfylke DPS at våre personalmøter var så motiverande at det førte til personlig motivasjon sjå rettleiar på Ryfylke DPS . Kommunen har ein unik kompetanse på ressurskrevjande teneste som dei tilsette i prosjektet er stolte av. Dei har fått skryt/ros av meg, Ryfylke DPS samt psykolog frå Lassa. Dei har samarbeida godt å oppnådd mål for mål.

Støttekontaktane prøver eg å ivareta med 2 samlingar pr år. Samlingane er eit samarbeid mellom avd funksjonshemma og barneverntenesta.Vi hadde vårt første møte i oktober 2011 der støttekontakttenesta frå Sandnes hadde eit foredrag, samt vi hadde mat og kaffi. Målet er ein arena for å få informasjon, faglig oppdatering, motivasjon og bli takka for jobben dei gjør. Støttekontaktar som ikkje leverer timelista på kontoret ringer eg til ved jevne mellomrom eller sender sms. Samarbeidet med barneverntenesta fungerer godt.

Samarbeidet mellom avd funksjonshemma og psykiatritenesta fungerer godt, vi har felles frukost siste torsdag i md og reiser på turar i lag. Som for eksempel juleavsluttning til Byrkjedalstunet og sommaravslutting med overnatting til Svanevatn. Vi har felles brukare og med å ha godt samarbeid håper vi å gi brukarane ei god oppfølging.

Frå hausten 2011 har avdelinga hatt ekstra ressursar på kontoret ved at ein 50% sekretær

## Status over personale/ oppdragstakere i avd for funksjonshemma:

| | 2010 | 2011 |
|---|---|---|
| Støttekontaktar | 15 stk | 15 |
| Omsorgsløn | 3 stk | 3 |
| Avlastning i privat heim | 1 stk | 1 |
| **Totalt ansvar for oppfølging av** | **19 oppdragstakarar** | **19 oppdragstakarar** |

## Tilsette

| | | |
|---|---|---|
| **Totalt ansvar for** | **15 tilsette** | **15** |

Leiar for ATO-avdelinga på skulen har også hatt personalansvaret for avlastingsbustaden. Ein prøver i stor utstrekning å bruke personalet både i ATO og avlastingsbustaden, då det i avlastingsbustaden er små stillingsbrøkar. Dette har så langt fungert greitt og er med å kunne dekke opp vikarbehov på begge stader. Det er 3,76 årsverk fordelt på 12 personar i avlastingsbustaden. 168 døgn brukt på avlasting + 52 ettermiddag/kveld + 12 dagtidstilbod..

Oppbygging av tenestetilbod rundt einskiltbrukar har krevd mykje av leiar sine ressursar. Med både faste møter og turnusarbeid. I tillegg oppfølging og tilrettelegging for personal i boligen. Elles har denne avdelinga + psykiatritenesta starta opp med frokostsamling ein gong pr mnd. for brukarar og deira personale. Dette er så langt eit populært tiltak for å møtast.
Det har blitt vanskelegare å skaffe ferievikarar til brukarane.

*Utfordringar:*

1. **Personell i forhold brukarstyrte personlege assistentar, vikarar ved feriar, sjukdom (og i avlastingsbustaden),samt støttekontaktar osv**
2. **Dagtilbod til brukarar som er for dårleg fungerande for tilbodet hos Avanti, men for fungerande til å vera på eitt dagsenter. Avdelinga har utfordring med å gi brukarar som ikkje kan få eit tilbod på Avanti eit godt dagtilbod.**
3. **Utvikling av internkontrollsystem på helse- og omsorgstenestene**
4. **Bustader til funksjonshemma i kommunen som treng omsorgsbustad.**
5. **Avklaring med avlastingsbustad/barnebustad.**

## 2.7 Barnevernstenesta

| | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Meldingar | 16 meldingar på 14 barn. | 16 meldingar på 16 barn | 20<br>2 lagt bort | 17<br>7 lagt bort | 34 | 19 på<br>4 lagt bort |
| Undersøkingsaker | 14 | 16 | 21 | 10 | 20 | 14 |
| Antal barn med hjelpetiltak | 22 | 25 | 34 (tidvis 39 i løpet av året) | 30 | 25<br>(Tidvis 33 i løpet av året) | 27<br>(Tidvis 34 i løpet av året) |
| **Av desse** | | | | | | |
| Fosterheimsplasser ingar | 6 | 5 (7 fram til september 2007) | 4 | 6 | 7 | 10 |
| Akuttplasseringar – midlertidig plassering | 6 | 0 | 0 | 0 | 3 | 0 |
| Tilsynssaker | 8 | 1 | | | | 8 |
| Adm.Vedtak | 110 | 116 | 91 + 1 Fylkesne mdsak | 124 + 2 fylkesnemd-saker og 2 saker til Tingretten | 88 Vedtak<br>FN -saker på 3 barn,<br>Stadfesting av akuttsak på 3 barn<br>1 ankesak til Tingretten | 115 vedtak<br>Ordinær FN På 3 barn<br>Ankesaker til Tingretten på 4 barn<br>Ankesak til Lagmanns-Retten på 3 barn |

2011 har vore eit krevande år med mykje bruk av ressursar i forhold til Fylkesnemdsaker og ankesaker i rettssystemet. Dei to siste åra har talet på saker vore relativt stabil, men vi ser at dei seinare år har gitt oss meir komplekse og krevjande saker. Dette har medført at ein ikkje i alle saker har greidd å overhalde tidsfristar i 2011. Det er høge krav til skriftleg arbeid og dokumentasjon i barneverntenesta, slik at dette utgjer ein betydeleg del av arbeidet.

Barneverntenesta i Forsand er med i konsultasjonsteam for vald og seksuelle overgrep som har medlemmer frå Forsand, Strand, Hjelmeland, Bufetat, Familierådgjevningskontoret og BUP. Her kan kommunane melda opp bekymringssaker ift valdsproblematikk anonymt, og få rådgjeving.

Barneverntenesta deltek i fleire samarbeidsfora internt i kommunen, m.a med skule, barnehage, psykiatriteneste og helsestasjon.

***Utfordringar:***

- ***Overhalde tidsfristar som er lovfesta, samt gjennomføre dei lovpålagte oppgåvene i forhold til det enkelte barn bl.a tiltaksplanar og omsorgsplanar***
- ***Oppretthalde kompetansen hos personalet gjennom fagleg oppdatering***

# 3. VURDERINGAR AV ÅRET SOM GJEKK

## 3.1 Personalsituasjonen

Oppgåvene i helse- og sosialseksjonen er mange og det er stadig aukande krav til skriftleggjering, brukarmedverknad, kvalitetssystem innan ulike områder.
I 2011 gjennomførte seksjonen medarbeidarundersøking og me skåra svært bra. Det er høg grad av trivsel blant dei tilsette i seksjonen.
Medarbeidarsamatalar har vore gjennomført med 30 av 31 tilsette i seksjonen.

Sjukemeldingsfråværet i 2011 var på 4,4% mot 6,6 i gjennomsnitt i kommunen. Det er og ein liten reduksjon frå 2010, kor sjukefråværet var på 4,8.

Aktivitetsnivået på legekontoret er framleis høgt, noko som avspeglar seg i talet på pasientkontaktat. Med turnuslege har korttidsfråvær ved kurs, sjukdom og liknande blitt avhjelpa.
Personalet som jobbar innan psykisk helsearbeid har travle dagar, men aktiviteten kan nok i større grad styrast samanlikna med legekontoret.

Sakene i barnevern krev høg kompetanse då desse er meir alvorlege og komplekse enn før. Med så mange omsorgsaker er det ikkje rom for fleire tunge saker med *nåverande* personalsituasjon (2 stillingar). Helse- og sosialleiar har og vore barnevernsleiar i 2011, og involvering i sakene har tatt mykje tid. Dette har ført til brot på lovfesta fristar i forhold til meldingar/undersøkingar i barnevernet.

Prosjektet rundt einskildbrukar er vellukka. Mykje flotte tilbakemeldingar frå samarbeidsinstansar og pårørande.

## 3.2 Budsjett- og rekneskapsvurderingar

| Helse- og sosialseksjonen samla: | Rekneskap 2011 | Budsjettert 201 |
|---|---|---|
| | **Kr.22.970.154** | **kr.22.501.000** |

**Rekneskapet samla for seksjonen viser ei overskriding i forhold til budsjett på kr. 469.154**

**Kommentarar:**
På **barnevern** er det eit overforbruk på kr.1.285.000.Det har vore kjent at dette kunne skje frå budsjettet blei vedtatt for 2011, då det på det tidspunktet var uavklart om 3 nye omsorgsplasseringar frå 1.01.11. P.g.a personalsituasjonen (nye sakshandsamarar)og krevjande oppfølging i saker medførte dette året overtid på ca 70.000 meir enn budsjettert. Og nærare 180.000 meir enn budsjettert til advokatutgifter p.g.a Fylkesnemd og rettsakene..

**Tenester for funksjonshemma barn og vaksne** har eit overforbruk på kr.392.402. Då har ein lagt inn forventa statstilskot til ressurskrevjande brukarar som skal rekneskapsførast på det

året midlane er gitt for.

Redusert forbruk på **legevakt og nødmeldetenesta** med ca kr.385.439, men av dette beløpet er ca kr.85.000 frå 2010 som blei tilbakeført for seint i forhold til rekneskapesåret

På **fysioterpitenesta** var det sett av 150.000 til treningsapparat. Desse blei ikkje kjøpt i 2011, då det framleis ikkje er gjort noko med plassbehovet til fysioterapitenesta.

Når det gjeld **legekontoret** har vi eit resultat med overforbruk på kr.288.800. Her skjedde det ein feil i budsjetteringa for 2011 kor overføring frå PLO blei inntektsført 2 gonger.

**Helsestasjonen** hadde 158.500 i redusert forbruk. Dataprogramutgifter som låg inne blei tatt på slutten av 2010.

**Psykisk helsearbeid** kom uty med redusert forbruk på 149.350. Vi avslutta Grøn omsorg til sommarferien. Meininga var å bruke midlane til foreldrerettleiingskurs ICDP. Men på hausten fekk vi ingen deltakarar, slik at kurs ikkje blei halde.

Dei samla tenestene i **NAV** kom ut med eit redusert forbruk frå budsjettert med kr.157.207.

**Avlastingsboligen** hadde eit underforbruk på kr. 358.500. Årsaka er at det på ein brukar ikkje er nytta så mykje avlasting som det er fatta vedtak på.

**Samla sett blei derfor deler av overskridingane dekka innan eige budsjett.**

## 5. SATSINGSOMRÅDE /UTFORDRINGAR

- ***Ta vare på dyktige medarbeidarane gjennom god personalpolitikk inkl. løn og godt arbeidsmiljø. Tilsette som trivest er kommunen sin største ressurs i forhold til å yte gode tenester, og oppretthalde stabilitet som betyr mykje for brukarane/pasientane.***
- ***Nytt lovverk- folkehelselov og ny helse- og omsorgslov-dvs nye oppgåver***
- ***Omfanget av og kompleksiteten i barnevernsaker vil også framover krevje omfattande ressursar.***
- ***Utvikling av tenestetilbodet for funksjonshemma – avlastingsbustad, servicebustadar, aktivitetstilbod på dag/kveld***
- ***Redusere rehabiliteringstida for pasientar gjennom auka ressursbruk til trening/opplæring***
- ***Bustadar til funksjonshemma, som har bistandsbehov - og til økonomiske vanskelegstilte. Inklusiv betre utnytting av ressursar til denne brukargruppa.***
- ***Brukarmedverknad – individuelt og på systemnivå.***
- ***Samhandlingsreforma i forhold til helsetenester***

Forsand, 21.03.2011

Elsa Løland
seksjonsleiar helse og sosial

Forsand kommune
Seksjon barnehage

| Saksbeh | Ref. | Arkivkode | Dato: |
|---|---|---|---|
| Synnøve Alveskjær Lerang | 12/271-9 | /K3-&14 | 16.03.2012 |

# Årsmelding for Forsand barnehage

## 1. Økonomi

| | Budsjett | Rekneskap | Avvik |
|---|---|---|---|
| 2011 Barnehagen | 8.947.000 | 9.215.344 | 268.344 |

Ramma for barnehagen:
Avvik:
Årsaka til at barnehagen har brukt 268.344 kroner meir enn budsjettert er følgjande:

- Barnehagen auka stillingsressursane utover det som var budsjettert
- Barnehagen brukte meir midlar til vikar
- Det kom inn mindre foreldrebetaling enn forventa

## 2. Tenesteproduksjon og resultat

### Målsettingar for barnehagen sitt arbeid

På bakgrunn av "Lov om barnehage" og "Rammeplan for barnehagen" er hovudmålet for barnehagen å gje barna gode moglegheiter til læring og utvikling i nær forståing med foreldre/føresette. Personalet i barnehagen har utarbeidd årsplan for barnehagen, som beskriv målsettingar og pedagogiske arbeidsmetodar. Spesielle satsingsområde i barnehagen er, vaksenrolla, vennskap (førebyggje mobbing) og foreldresamarbeid.

Rammeplan for barnehagen gir retningslinjer for verdigrunnlaget, innhaldet i og oppgåvene til barnehagen.

Barnehagen utarbeider årsplan der måla og tema innanfor kvart fagområde blir tilpassa kvar aldersgruppe.

Barnehagen arbeidde fram sin eigen visjon i 2007, *"Vi gjer kvarandre gode"* .Visjonen har no blitt godt innarbeidd og barnehagen nytter denne bevisst i høve til barn, personal og foreldre

### Rammevurderingar

**1) Utemiljøet**

Barnehagen har eit uteområde som er godt egna til barnehagen. Det er eit stort område, og det kan vere utfordrande å ha oversikt over heile området til ein kvar tid. Barnehagen har eigne rutinar for tryggleik ute, som blir gjennomgått årleg i personalgruppa. Barnehagen

nyttar naturen i nærmiljø i stor grad. I tillegg har barnehagen samarbeid med Madland gard, og barna går på garden to dagar i veka.

**2) Innemiljøet**

Barnehagen har eit svært godt innemiljø, det fungerer bra mellom anna i høve til støy, lys, og ergonomi. Utfordring er knytta til det største kjøkkenet. Dette fungerer tidvis dårleg, då det har for liten kapasitet til å lage mat til nærmare 50 barn. Det er ønskjeleg å utbetre kjøkken, med til dømes to komfyrar. Det er ca 10 plassar ledige pr d.d. Dersom ein skal auke talet på barnehageplassar, må det byggjast garderobar og toalett til fleire barn.

**3) Behovsanalyse for utstyr**

Barnehagen er bra utstyrt når det gjeld leiker og aktivitetsmateriell. I høve til personalet er det behov for fleire nye pcar i 2012
Barnehagen ser det som viktig å erstatte øydelagt/utslitt utstyr/leker kvart år.

**STATUS DRIFT- Barnehageplasser**

**1) Barnehageplassar, dekningsgrad**

Barnehagen har eit totalt leike og opphaldsareal på 774 m2. Det er garderobeplassar for 15+16 barn under 3 år, og 24+36 for barn over 3 år. Totalt 31 plasser for barn under 3 år og 60 for barn over. I følgje vedtektene for barnehagen er arealnorma for barn under 3 år 6m2, og for barn over 3 år, 4 m2
Det har til no vore plass til alle søkjerar, men dersom det kjem ein auke på meir enn 10-15 barn i åra framover, vil det vere behov for å byggje ut fleire garderobar. Barnehagen sitt totale areal er stort nok til utvidelse av ca 30 nye barnehageplassar

**Oversikt over barn i barnehagen**

**Barnehagen har 4 basar, med aldersinndelte grupper:**

| **Barnetal totalt i barnehagen (des11)** | | |
|---|---|---|
| Base | Født | Tal på barn |
| Blå Base | 2010/2011 | 12 |
| Gul Base | 2009 | 15 |
| Rød Base | 2008/2007 | 30 |
| Grønn Base | 2006/05 | 18 |
| Totalt | | 75 |

*Merk at desse tala varierer frå vår - til hausthalvår*

**Statistikk av barnehagedekninga dei siste åra:**

| | Barn under 3 år | Barn over 3 år | totalt |
|---|---|---|---|
| 2006 | 21 | 49 | 70 |
| 2007 | 17 | 59 | 76 |
| 2008 | 24 | 49 | 73 |
| 2009 | 23 | 47 | 70 |
| 2010 | 24 | 44 | 68 |
| 2011 | 26 | 47 | 73 |

**Opptak:**
Hovedopptaket 15. mars 11 fekk alle som søkte tilbod om plass, dei dagane det vart søkt om. Utover våren/sommaren kom det stadig fleire søknader, og vi tok inn barna etterkvart. Det er kun barn busett i Forsand kommune som har fått plass, bortsett frå 1 barn der ein forelder var rekruttert inn i stilling i kommunen. Desember 11 var det eit barn i barnehagen som var busett i annan kommune.

**Foreldrebetaling:**
I dag er høgaste sats for foreldrebetaling 2330 kroner i månaden, vi ligg innanfor maksimalprisen. Foreldra betaler i tillegg matpengar, 2???. Dette er ei auke på 40 kr månaden for full barnehageplass. Årsaka til auken er at barnehagen frå hausten 2011, starta med å servera frukost til barna.
Vi har inntektsgradert foreldrebetaling i barnehagen. Søskenmoderasjon er 50% for barn nr 2, og 75% for barn nr.3

## 2) Spesialundervisning etter § 5-7 i Opplæringslova

**Førebyggjande arbeid, tidleg innsats (Ressurspedagog)**
Frå aug. 07 har vi hatt ein førskulelærar som har ansvar for barn med spesielle behov (Ressurspedagog) Dette vert gjort både for å få best mogleg kvalitet på tilbodet til barna, samstundes vert kostnadane noko mindre enn dei ville vore dersom vi kjøpte tenesta frå Strand kommune slik praksis var tidlegare.

Oversikt over barn med særlege behov 2011:

| Barn som får ekstra ressurser | Spesialpedagogiske timar | Ekstra ressurser, miljøarb/assistent |
|---|---|---|
| 7 barn mellom 3-6 år | 26 t-timar pr veke | 60 timar pr veke |
| | | |

Alle barna som har ekstra ressursar/spespedtimar har fått tildelt ressursane ut frå tilrådning frå PP-tenesta.
Ei barnegruppe har ekstra bemanning pga av gruppas samansetning, som eit førebyggjande tiltak, tidleg innsats

**Ressurspedagog i barnehagen:**
- Ressurspedagogen går tidleg inn og kartlegg barna saman med pedagogisk leiar.
- Medan barna blir henvist til PPT, arbeider ressurspedagogen med barna og deira problem, og barnehagen kjem på den måten svært tidleg inn med hjelpetiltak
- Ressurspedagogen har oversikt og kjennskap til barnehagens pedagogiske verktøy og legge til rette for at personalet i barnehagen kan ta i bruk dei ulike opplegga ved rettleiing.

## 3) Personalressurser

**Bemanning**
Barnehagen følgjer norma om 3 barn under tre år pr. vaksen, og 6 barn over tre år pr. vaksen, noko som er vanleg i kommunale barnehagar. Det er likevel fleire dagar i veka vi har fleire barn enn norma i høve til vaksne.

I følgje Barnehagelova er pedagognorma inntil 9 barn under 3 og inntil 18 barn over 3 år pr pedagog. Barnehagen ligg innanfor denne norma.

**Oversikt over personalsituasjonen**

Barnehagen har 8 stillingar som førskulelærar.

| Stilling | Talet på stillingar | Førskulelærar | Fagarbeidar | Anna utdanning |
|---|---|---|---|---|
| Styrar | 1 | 1 | | |
| Sekretær | 0,2 | | | |
| Pedagogisk leiar | 4 | 2 | | |
| Ekstra førskulelærar | 2 | 2 | | |
| Ressurspedagog | 1 | 1 | | |
| Miljøarbeidar | 2 | | | 2 |
| Fagarbeiderar/assistentar | 14 | | 12 | 2 |
| Stillingar med dispensasjon frå utdanningskravet | 4 | | | |

Hausten 2011 hadde barnehagen 2 førskulelærarar i permisjon/sjukmelding. Det er fagarbeiderar som var konstituerte i desse stillingane. Vidare er det fleire pedagogar som har permisjon i delar av stillinga. Det var og behov for ein ekstra førskulelærar på ein av basane grunna ei gruppe barn med behov for ekstra ressursar. Det var totalt 4 fagarbeiderar som hadde dispensasjon frå utdanningskravet.

## 4) Resultatvurdering

2011 har barnehagen hatt fokus på "Kvalitetsutvikling i barnehagen"
For å styrke kvaliteten i barnehagen arbeider vi spesielt med følgjande:

1. Pedagogisk utvikling for heile personalgruppa
2. Leiarutvikling for pedagogiske leiarar
3. Foreldresamarbeid
4. Førebyggjande arbeid, tidleg innsats

**Pedagogisk utvikling**

Vi har hatt fokus på vaksenrolla i barnehagen, for å kunne utvikle ei felles pedagogisk plattform, og gjere kvar enkelt i personalgruppa trygge i rolla. Barnehagen har lagt vekt på felles kurs og internt arbeid i personalgruppa for å utvikle det pedagogiske arbeidet i barnehagen.

**Leiarutvikling for pedagogiske leiarar**

3-4 dagar i året er sett av til interne leiardagar. Utvikling av rolla som leiar, og planleggjing og utvikling av branehagen sitt pedagogiske arbeid er blant tema desse dagane

**Foreldresamarbeid**

Barnehagen har tett samarbeid med Foreldres Arbeidsutval, og hadde i 2011 ein brukarundersøking. Resultata synte at føresette er godt nøgd med barnehagen.

**Førebyggjande arbeid, tidleg innsats**

Det har vore eit aukande fokus på tidleg innsats, dvs at barn som treng hjelp og støtte får det så tidleg som mogleg. Ressurspedagog i barnehagen er eit av verkemidla i Forsand. Vidare har vi fokus på å melde frå til eksterne instansar for å setje inn tiltak i høve til det enskilde barn så tidleg som mogleg.

## 3. Utfordringar for 2012

**Barnegruppene:**
Det er for tida ingen ledige plassar i barnehagen når ein ser på bemanning. Barnehagen har store areal, og det er ca 10 ledige plassar som i dag ikkje er bemanna. Skal ein auke til fleire plassar treng garderobar og toalett.

Det har dei siste 5 åra vore ei auke i talet på barn som har behov for ekstra oppfølging. Barnehagen har arbeidd målretta og brukt ekstra ressursar for å førebyggje og sette inn tiltak så tidleg som mogleg. Det kan sjå ut som om denne utviklinga held fram, med barn og familiar som har behov for ulik støtte og hjelp.
Barnehagen arbeider målretta med ulike tiltak for å førebyggje og hjelpe barn og familiar som har behov for støtte.

- 2011 gjekk fleire tilsette frå kommunen på kurs for å bli rettleierar i ICDP. Dette er eit lågterskel tilbod som rettar seg mot alle føresette. 2 tilsette frå barnehagen har våren 2012 hatt det første ICDP kurset for føresette til barn i førskulealder.
- Ressurspedagog. Stillinga som ressurspedagog er vurdert som viktig i høve til barn med spesielle behov
- Utvikling av vaksenrolla. 2011 hadde barnehagen særleg fokus på vaksnerolla i høve til barn med utfordrande åtferd. Det er viktig at heile personalgruppa er trygge på, og har ei felles forståing for korleis ein skal arbeide med barn med

**Naturgruppe**
Frå hausten 2012 vil barnehagen starte eit forsøk med naturgruppe. Dette vil vere eit tilbod til 12 barn i alderen 4-5 år. Tre dagar i veka, mellom 09.00-14.00, vil barnegruppa vere ute i naturen. Dersom dette viser seg å fungere bra, planlegg barnehagen å etablere ei fast naturgruppe i framtida.

**Personalressursene:**
Barnehagen har dessverre ingen mannlege tilsette, noko som er ønskjeleg å ha. Utfordringa er å få mannlege søkjerar når vi lyser ut stillingar. Det var i 2011 ingen mannlege søkerar, med utdanning eller erfaring innan barnehage, på ledige stillingar i barnehagen.

**Sjukefråver**
Barnehagen hadde i 2011 eit sjukefråver på 7.3 %. Det er fleire tilsette med lengre periodar sjukefråver som forklarar det meste av fråveret. Barnehagen har fulgt opp den enkelte arbeidstakar. 2012 vil barnehagen ha eit ekstra fokus på å førebyggje sjukefråver, mellom anna ved å nytte bedriftshelsetenesta til førebyggjande arbeid.

**Foreldresamarbeid**
Vi vil halde fram med å utvikle foreldresamarbeidet ved å vere i dialog med den enkelte foreldre/føresette og i samarbeid med arbeidsutvalet for barnehagen. 2012 vil det bli arrangert brukarundersøking, og resultata vil naturleg nok vere grunnlag for vidare samarbeid

**Budsjett for 2012**
Barnehagen sitt budsjett for 2012 er 9.900.000 .

Dersom barnetalet ikkje aukar i 2012, og barnehagen ikkje får barn med omfattande behov for spesialpedagogisk hjelp, vil barnehagen klare budsjettramma. Utfordringane vil komme dersom det blir auke i talet på søknader. Barn som fyller 1 år innan september 2012, har rett på barnehageplass, likeeins har barn med spesielle behov rett på tilrettelagt pedagogisk tilbod, etter Opplæringslova. Det er ikkje mogleg innanfor ramma for 2012 å utvide talet på barnehageplassar, utan å endre norma for bemanning.

Forsand Barnehage, Mars 12

Synnøve Alveskjær Lerang
seksjonsleiar barnehage

Forsand kommune

Seksjon skule

| Saksbeh | Ref. | Arkivkode | Dato: |
|---|---|---|---|
| Ingunn Varhaug | 12/271-16 | /K3-&14 | 20.03.2012 |

# Årsmelding skulen

**Økonomi**
Seksjon skule hadde i 2011 eit mindreforbruk på kr 627.871 i høve til revidert budsjett på kr 22.862.000. Årsakene er a) mindreforbruk på ATO pga lågare lønsutgifter enn budsjettert, b) vaksenopplæringa har vore mindre omfattande enn rekna med, c) kulturskulen hadde færre elevar, noko som førte til innsparing på løn.

Forsand brukar mykje pengar på skule, men me har forholdsvis noko lågare utgifter enn kommunar i samanliknbar gruppe. Utgifter til skuleskyss er høge og mange elevar har krav på tilbod om skyss.

Nokre samanliknbare tal (Kostra):
Netto driftsutgifter til grunnskulesektor pr innbyggjar 6-15 år:

| *Forsand Kommune* | *Samanliknbar kommunegruppe* | *Landet* |
|---|---|---|
| 133.777 kr | 142.033 kr | 93.367 kr |

Utgifter til skuleskyss pr innbyggjar 6-15 år:

| | | |
|---|---|---|
| 3.474 kr | 1.640 kr | 1.736 kr |

Tal på elevar som får tilbod om skuleskyss:

| | | |
|---|---|---|
| 49,2% | 28,3% | 22,5% |

**Tenesteproduksjon**
Skulen skal gi elevane eit opplæringstilbod som er tilfredsstillande. Det har vore viktig at vaksentettleiken er stor nok til å kunna gi tilpassa opplæring til elevane. Det har også vore viktig å arbeide med å skape godt arbeidsmiljø, slik at elevar kan trivast og ha motivasjon for læring. Det har også vore viktig at personalet trivst og ynskjer å halda fram i jobbane sine.

Tal på barn i skulen:

| 2008 | 2009 | 2010 | 2011 |
|---|---|---|---|
| 182 | 189 | 194 | 182 |

Skulen hadde 20,20 årsverk til undervisning og 1,6 årsverk til undervisningsrelaterte oppgåver (inkludert IKT 0,5 årsverk, sos.ped. 0,4, spes.ped. 0,5, rådgjevar 0,2 årsverk). I tillegg stod 0,58 årsverk i vakans.
Me hadde 3,2 årsverk for barne- og ungdomsarbeidarar. I tillegg har 0,7 BUA-årsverk stått i vakans.

Satsingsområdet for skulen var lesing, slik som i fjor. Me har også starta opp skuleutviklingsprosjekt med fokus på klasseleiing og pedagogisk leiing.

Leksehjelp har vore tilbod til elevar i 1.-4. klasse. 23 elevar har delteke.

SFO hadde hausten 2011 30 born og tilsette i 0,6 årsverk (inkludert i talet for BUA ovanfor).

ATO hadde 3,6 årsverk, inkludert 0,6 årsverk på leiar. Det er 2-3 elevar.

Kulturskulen hadde 79 betalande elevar i alderen 2 år (barnehagen) og opp til 50+. Personalet på 5 personar utgjer 2 årsverk. I tillegg kjem administrasjonsressursen på 0,35 årsverk.

**Resultatvurdering**
Elevane våre har fått eit tilfredsstillande opplæringstilbod. Fordi me har god grunnbemanning, greidde me å gi tilpassa undervisning også til ein del av elevane med spesielle behov i det ordinære opplegget. 8,37% av elevmassen hadde tilråding frå PPT på spesialundervisning og fekk det i det omfanget som var tilrådd. Til samanlikning hadde 10,3% av elevmassen i Strand sakkunnig tilråding og 14,4% i Hjelmeland. Det generelle omfanget av spesialundervisning på landsbasis var 8,6%. (Tala er frå PPT Midt-Ryfylke si årsmelding.)

Kostratala viser fylgjande fordeling av spesialundervisning:

| | *Forsand kommune* | *Samanliknbar kommunegruppe* | *Landet* |
|---|---|---|---|
| 1.-4. klasse | 2,8% | 6,6% | 5,6% |
| 5.-7. klasse | 11,8% | 11,6% | 9,8% |
| 8.-10. klasse | 8,8% | 13,9% | 11,2% |

Overordna prinsipp for spesialundervisning er å setja inn tiltak tidleg. I Forsand er prosenten på 1.-4. klasse låg sidan me greier å gi tilbod til fleire i det ordinære opplegget, noko som er vurdert til å vera bra. Målet er at talet på elevar som får spesialundervisning på mellomtrinn og ungdomstrinn skal minka meir enn det gjer i Forsand og elles i landet.

Nasjonale prøver har vist at lesedugleiken hos elevane våre er betre enn førre år. Me har også hatt stort fokus på lesing. Bruk av kartleggingsverktøyet SOL har hjelpt oss til å arbeida meir systematisk med leseopplæringa på alle årstrinn.

Det totale sjukefråveret var 5.1% og stort sett ikkje arbeidsrelatert.

Resterande gamle pultar og stolar vart skifta ut og alle klasserom har nå nye møblar.

Anti-mobbearbeidet er systematisert og føregår etter Handlingsplan for godt skulemiljø. Skulen held fram med å auka kompetansen på klasseleiing gjennom kursrekkje levert av Senter for Adferdsforskning (SAF). Kursrekkja er del av skuleutviklingsprosjektet i regi av Utdanningsdirektoratet.

Skulen hadde større elevmedverknad som utfordring i 2010. Elevundersøkinga viser at fleire elevar meinar skulen lyttar til forslaga til elevane: 75% svarte ja (48% i 2010), 25% svarte sjeldan/aldri (34% i 2010). Fin framgang her. Skulen vil halda fram arbeidet med elevmedverknad. Me vil også leggja til rette for at elevrådet får fleire saker til uttale.

Kulturskulen har gitt eit godt tilbod og hadde plass til alle.

**Utfordringar**

- Å få bukt med mobbing
  Anti-mobbearbeidet må fortsetja med stor tyngde. Arbeidet skal vera systematisk og etter gjeldande plan. Godt skule-heim-samarbeid vil vera viktig.

- Å få betra lese- og reknedugleiken
  Ein må framleis ha fokus på lesing. Mengdetrening er viktig, også heime. Ein må også fokusera på og systematisera opplæringa i matematikk.

- Å tilby nye og spanande kulturskuletilbod
  Det er vanskeleg å få tak i folk i små stillingsprosentar. Det fører til problem med å gi nye og spanande tilbod.

20.03.2012
Ingunn Varhaug
rektor

Vedlegg: Årsmeldingar frå avdelingane og kulturskulen

ÅRSMELDING FOR SMÅSKULEN 2011.
Lesing
Avdelinga brukte mykje tid på å gå gjennom og evaluera "Forsandmodellen", som er Forsand skule sin modell for korleis den første lese- og skriveopplæringa skal drivast. Modellen gjeld for 1. – 4. klasse. Me har brukt han nokre år og har gjort oss ein del erfaringar. Noko burde takast ut, noko justerast og presiserast.
4. klasse har kvart år eit leselystopplegg der dei brukar alle norsktimane i 5 veker til å lesa bøker og gjera oppgåver som høyrer til. Dette opplegget er ein del år gammalt og nokre av bøkene var utslitne og andre har vore lite fengande for elevane. Me fekk bruka økonomiske midlar skulen hadde fått til leseprosjekt til å kjøpa inn 17 nye bøker, lesa gjennom dei og laga oppgåver til dei. Det blei brukt ca. 30 timar til dette arbeidet. Arbeidet var ferdig i november 2011, og på ettervinteren 2012 skal 4. klasse ta det i bruk. Det blir spennande å høyra korleis dei nye bøkene blir mottekne av elevane.
SOL (Systematisk observasjon av lesing) er sett i system. Her hadde me nokre diskusjonar på avdelinga for å sikra at me tolka dei ulike punkta likt. Kjetil Langbakk utvikla kartleggingsmateriell til SOL for dei lågaste trinna. Det ligg tilgjengeleg for alle på skulen sitt område.
Anna
I tillegg til den daglege undervisninga i kvar klasse, legg avdelinga vekt på å gjera ting saman på tvers av klassane. Det er og viktig for oss å gjera praktiske ting, der elevane får gjera noko anna enn å sitja ved pultane sine.
Fellessamlingar med ulike tema: kvar klasse har ansvar for to samlingar kvart år, dei vaksne har ansvar for ei.
Matematikkens dag; ein heil dag der me berre arbeider med praktisk matematikk
Kulturveke med temaet "Kunstnarar ved fjorden". Elevane fekk læra om Leiv Mæle, Lars Helle og Martin Fossmark.
Fysisk aktivitet og lokalkunnskap: Fellestur til Gryte. "Juletur" til gapahuken bak brannstasjonen, før me gjekk vidare til gudsteneste.
Pilt-Ola. Me var først på besøk på Bakken (ein skikkeleg regnversdag på hausten!). Seinare arbeidde me gruppevis med elevane, der dei dramatiserte og song om Pilt-Ola sitt liv. Det enda i to fabelaktige framføringar i musikksalen, med barnehage, mellomtrinn og føresette som publikum.

Bergliot Lekven
Avd.leiar 1. – 4. klasse

# Årsmelding for 2011 frå ungdomstrinnet

**Satsingsområde for skuleåret 2011-2012 er klasseleiing og lesing**

Dette skuleåret blir alle tilsette ved Forsand skule kursa i klasseleiing. Kursrekka går over 3-4 heile dagar. Kurshaldar kjem frå UIS. I etterkant av ein kursdag, har avdelinga brukt noko tid til drøfting av kursinnhaldet, og korleis me kan bruka det me har lært i eigen praksis. Me har også vore med på å utarbeida nokre felles standardar for korleis me vil ha det på Forsand skule. Dette meiner eg har vore med på å gjera oss meir medvitne og samstemte om ein del rammer rundt god undervisning.

Som ein del av satsinga på klasseleiing, har administrasjonen vore på skulevandring og observert oppstarten i timane våre. Då har me på førehand fått vita kva område dei har fokus på. Så har me i medarbeidarsamtalen med rektor eller inspektør snakka om desse observasjonane. Trur dette har vore nyttig.

Også dette skuleåret er lesing eit av satsingsområda. Etter kursinga i SOL(systematisk observasjon av lesing)-metodikken i fjor, bruker me nå det me har lært til å finna ut kor høgt i lesepyramiden elevane har klatra. Målet er i neste omgang å arbeida for å gjera dei til betre lesarar. Det er fleire utfordringar og spørsmål knytta til gjennomføringa, men me lærer gjennom eiga prøving og feiling. Og me lærer av kvarandre. For med jamne mellomrom har me Sol-glimt der me i fellesskap fortel om korleis arbeidet med Solinga går i klassane. Dersom nokon har eit konkret problem, har kanskje andre ei løysing på dette.

Arne Bråtveit
Avdelingsleiar

# Årsmelding for Kulturskulen 2011

Kulturskulen hadde i 2011:
79 betalande elevar (GSI for hausten 11) i alderen 2 år (barnehagen) og opp til 50 +.
Skulen har eit samla personale på 5 personar som utgjer 200 % i årsverk, her er ikkje administrasjonsressursen teke med, denne utgjer 35 %.

Kulturskulen hadde desse arrangementa i 2011:

- 21. jan. Workshop for 1.-4. klasse med dans (hip-hop/dramatisk dans), sjonglering og keramikk.
- 22. jan. Workshop for 5.-9. klasse med animasjonsfilm, sjonglering, dans (hip-hop) og improvisasjon (drama).
- 4.-5. feb. Korseminar Kor Kult
- 2. april. 10-årsjubileumskonsert Kor Kult
- 17. mai. Diverse deltaking
- 5. okt. Musikk-café m/ alle individualelevar i kulturskulen.
- 16. okt. Utstilling (frå kortkurs).
- 23. nov. Visning med Den Grøne Grisen
- 1. des. Julekonsert Kor Kult.
- 6. des. dramaframsyning
- 13. des. Lucia-konsert i Forsand kyrkje.

Me ser at me fort vert sårbare når det gjeld sjukdom. Det er vanskeleg å finna vikarar som kan ta ein del av faga av di ein del av undervisninga er spreidd utover fleire dagar, og budsjettmessig er det heller ikkje særleg rom for vikarutgifter eller høve til å leiga inn eksterne utøvarar. Dette har ført til at me har måtta avlyst fleire undervisningstimar våren 2011.

Me finn og at det er ei utfordring å kunne tilby nye og spanande tilbod. Det er vanskeleg å få tak i folk som kan tenka seg deler av eller veldig små stillingar i prosentar.
Elevmassen hos oss varierer og ein del alt etter kva som for tida er "in", noko som fører til at talet på elevar varierer ein del frå år til år.

For Forsand kulturskule

Forsand 15.3.2011.

Anders Berglund
--------- Leiar ----------

# Forsand kommune

Seksjon pleie og omsorg

| **Saksbeh** | **Ref.** | **Arkivkode** | **Dato:** |
|---|---|---|---|
| Grete Strømsmo | 12/271-7 | /K3-&14 | 12.03.2012 |

# Årsmelding for pleie- og omsorgsseksjonen 2011

## 1. REGNSKAP 2011

| **PLO 2011** | | |
|---|---|---|
| **Teneste** | **Regnskap** | **Budsjett** |
| 2347 Fotpleie | 54 073 | 86 000 |
| 2416 Ergoterapi | 323 288 | 325 000 |
| 2530 Vaskeritenestar | 518 522 | 490 000 |
| 2531 Institusjonsteneste Gr 1 | 5 723 258 | 6 142 000 |
| 2531 Institusjonsteneste Gr 2 | 5 478 343 | 5 244 000 |
| 2532 Kjøkkenteneste | 1 240 660 | 1 309 000 |
| 2540 Heimesjukepleie | 3 706 148 | 4 594 000 |
| 2541 Heimehjelp | 3 186 148 | 3 152 000 |
| | | |
| Utgifter | 3 186 148 | 3 349 000 |
| Inntekter | - 3 895 607 | -2 241 000 |
| **Totalt** | **20 230 440** | **21 342 000** |

Regnskapet syner eit underforbruk på 1 111 560 kr.
Av dette er heile 611 000 kr refundert pensjon som har vore for mykje innbetalt i 2010. For KLP utgjer det 141 000 kr og for Vital er det 470 000 kr. Dette innber også at det er blitt mindre arbeidsgivaravgift, slik at det totale beløp er på 697 151 kr.

Det reelle underforbruk på seksjonen er difor ikkje 1 111 560 kr , men **414 409 kr.**

Budsjettet er delt opp etter tenestar som er så små at det vil vera personell som "går over tenestane", dette gjeld spesielt på Gr1 der heimesjukepleie og heimehjelp også høyre til. Inntektane er ligg betydelig over budsjett; det er bla fordi vi har hatt mykje sjukefråvær med ref sjukepengar utan at det har vore leigd inn vikar i alle vaktar. Så er det også betre inngang på vederlag for opphald, ca 400 000 kr meir. Internsalg av mat ligg også betydelig over budsjettert.

Seksjonen hadde ein ressurskrevjande brukar 2 månadar mot planlagt eit heilt år. Pga det er ramma redusert med knapt 1 million.

Vi har i løpet av siste halvår satt inn ekstraressurser for å gje tilstrekkelig teneste til alle. Det har totalt vært på ca 41 timerverk pr veke.

Samla sett har vi drevet effektivt, med ansvar til dei tilsette.

# 2. TENESTEPRODUKSJON

## 2.1 STATISTIKK TENESTEPRODUKSJON

**Oversikt sjukeheimsavdelingane ( Gr. 1 (7 plassar) og Gr. 2 (7 plassar)) :**

| | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Liggedøgn | 4516/88% | 4.353/85% | 3746/73% | 3457/67% | 3563/70% | 4940/97% |
| Antall plassar | 14 | 14 | 14 | 14 | 14 | 14 |
| Brukarar pr. 31.12 | 10 | 10 | 9 | 9 | 9 | 14 |

Det har ikkje vore selt plassar til andre kommunar ila 2011. Vi har hatt behov for plassane til eigne innbyggjarar. Vi har hatt det riemelig hektisk med våre egne.
God pleie, god medisinsk oppfølging og god mat gjer høg gjennomsnittlig levealder

**Oversikt heimehjelp/heimesjukepleie ( antall som får hjelp):**

| | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Heimehjelp | 32 | 43 | 42 | 30 | 29 | 31 | 35 |
| Heimesjukepleie | 21 | 16 | 31 | 29 | 32 | 30 | 44 |

Dekningsgrad: Antall plassar/einingar(institusjon og bustadar) til dei over 80 år (80+)

| | Antall innbyggarar 2010 | Personar 80+ År 2010 | Antal plassar | Dekningsgrad |
|---|---|---|---|---|
| Forsand kommune | 1166 | 60 | 34* | 56,7% |

* vi har i tillegg 6 trygdebustader. Om dei også vert tatt med i dekningsgraden, har vi heile 67%

**Kjøkkenet:**
Det totale antall middagar pr år knapt 13 000 porsjoner.
Kvelds- og frukostmåltider er ca 8700.

**Ergoterapi:**
Kommunen har ansvar for distribusjon av hjelpemidlet som vert levert her på hjelpemiddellageret, likeeins har me ansvar for å hente hjelpemiddelet i heimen for levering på lageret. Dette er ein kostnad kommunen må ta.
Me har mange som har ulike mengder med hjelpemidlar; alt frå lette enkle og lette ting til tyngre som sykehusseng eller store elektriske rullestolar.
Prosess frå kartlegging via søknadsskriving til opplæring av hjelpemiddelet kan vera omfattande.
Så har vi starta med balansetreningskurs slik at dei med risiko for fall (med påfyljande skadar) skal opparbeide styrke som fallforebygging. Kursa har vist seg å vera svært populære.

**Vaskeri:**
Vaskeriet vaskar alt tøy til personalet, alt av sengetøy etc til institusjonen, samt til 14 brukarar i omsorgsbustader.

**Tryggleiksalarm:**
Det er 24 brukarar av tryggleiksalarm. Det er både i leiligheter på Forsandheimen og "ute på bygda".

**Fotpleie:**
Har stabilt mange pasientar. Har ei effektiv drift.

## 2.2 STATUS PERSONELL

**Personale**
Registrering pr 31.12.11(personale i permisjon kor stillinga ikkje er tilsatt av vikar helt eller delvis er ikkje telt med) Her er berre dei som er i aktiv tenesteproduksjon.

| | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Sum | 34,75 | 35,14 | 33,90 | 28,92 | 26,78 | 28,63 |

**Kommentarar:**
Det har vore eit betydelig større belegg i institusjon med bebuarar som krev mykje medisinsk oppfyljing og faglig kompetanse. Vi var litt "bakpå" ein lengre periode i fjor med kombinasjon av høgt belegg med krevjande pleie, mange sjukemeldte og få vikarar.

## 2.3 SJUKEFRÅVER

| 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 8,78 | 7,38 | 4,8 | 5,31 | 5,23 | 6,0 | 7,1 | 4,07 | 10,7 |

Pleie og omsorgstenesta er den tenesta i kommunane som tradisjonelt har høgt sjukefråvær. Året 2010 var heilt spesielt bra. I løpet av 2011 fikk vi ein situasjon med skadar og lang tids sjukefråvær, på same tid hadde vi få vikarar og i tillegg tenestemottakarar som har krevd mykje. Det har vore krevande å skaffe ekstra hjelp og det har igjen gitt auka belastning på det faste personalet.

# 3. MÅLSETJINGAR FOR ARBEIDET OG RESULTATVURDERING

Pleie – og omsorgsseksjonen ha utarbeidd ei felles målsetting:

*"Me gjer kvarandre gode – gjennom tryggleik og romslighet gir me heilhetlig omsorg"*.

Vi har ikkje ein systematisk brukarundersøking til våre tenestemottakarar. Men for 2012 vil det bli gjort ei undersøking. Det som vert sagt av tenestemottakarar er at dei er godt nøgd med tenesta..

"Me gjer kvarandre gode", jfr målsettinga, inneber at vi forsøker å optimalisere alle ressursar hos dei tilsette slik at ansvar og oppgåver heng nøye i hop. Nivået på sjukefråværet kan vera ein indikator på det. I løpet av våren 2011 skal det bli utført medarbeidarundersøking , då fikk vi veta kor "skoen trykte"; det var ei strevsam tid, jfr det som er sagt under sjukefråvær.

Ergoterapeuten har starta med balansetreningsgrupper. Det skal ha fokus på å bygge styrke som igjen er fallførebygging. Vi har også hatt andre aktivitetar inne og ute, det har stort sett vore lagt til tysdagar og torsdagar.

## 4. KOSTRATALL

| | Hjelmeland 2011 | Strand 2011 | Sirdal 2011 | Forsand 2011 |
|---|---|---|---|---|
| Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgtjenesten | 17 734 | 12 475 | 27 903 | 29 690 |
| Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner) | 169 907 | 243 907 | 176 695 | 80 679 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass | 965 900 | 1 099 442 | 935 756 | 1 417 571 |

Av valte kommunar er det Forsand som ligg høgast på netto driftsutgifter pr innbyggjar. Det er akkurat same differanse mellom dei 4 kommunane også i 2010.

Korrigerte brutto driftsutgifter på motakar i heimetenesta syner eit bilde på at det er stor vekt på institusjonsteneste kontra heimeteneste (forutsatt at talla er riktig. Det kan vera at tenestemottakarar som høyre til helse og sosial her i kommunen er registrert i pleie og omsorg i dei andre kommunane)

Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass er som nemt over ein konsekvens.

## 5. UTFORDRINGAR FRAMOVER.

Kommunens høge dekningsgrad skulle tilseie at det vil vera betydelig meir å gå på/ plassar å tilby enn den norm som til vanlig vert nytta som er 25-30%. Vi har ein dekningsgrad på knapt 57 %.
Det er i framskriving til 2030 vera dekningsgrad 50%.

Samhandlingsreformen har medført at vi no raskt tar pasientar heim frå sjukehuset. Det interkommunale samarbeidet mellom Finnøy, Strand, Hjelmeland og Forsand har gjort oss betre i stand til å vera fleksible. For 2011 var det ikkje behov for å kjøpa plass over kommunegrensa. (det har det derimot i 2012).
Så vil det bli eit større fokus på førebygging, jfr ny folkehelselov. På same tid må vi vera innstilt på eit samarbeid interkommunalt mtp at vi frå 2016 skal ha et øyeblikkelig-hjelp-tilbod, utan at vi pt heilt sikkert veit kva det vil innebære.

Det vil bli rift om kompetansen framover, det vera seg både høgskuleutdanna og fagarbeidar.
Difor er det også viktig at vi har både lønn og arbeidsforhold som er attraktivt. Lønn er ein faktor, man andre rammebetingelsar som passe faglige utfordingar og arbeidsmiljø er og viktig.
Vi ser tydelig problemar med rekruttering av ringevikarar og ferievikarar. Når det så har vore lyst ut etter bla sjukepleiarar har vi hatt mange søkjarar.

# 6 ÅRSMELDING RACHEL NYGÅRDS FOND.

| | |
|---|---|
| I 2011 var det fyljande styre: | Per Søiland frå Eldrerådet<br>Ulrikke Løland, politisk representant<br>Grete Strømsmo, pleie – og omsorgsleiar. |
| Tiltak i 2011: | Utgiftsdekning til tilstellingar i Nystova.<br>Blomer til jul.<br>Grillfest.<br>Trimsykkel<br>Nytt lydanlegg nystova (dekt halve kostnad) |
| Saldo pr 31.12.11: | 1 242 697 kr |
| Renter ila 2011: | 32 828 kr |

Forsand mars 2012

Grete Strømsmo
Seksjonsleiar pleie- og omsorg

82

# Forsand kommune

Rådmannen

| Saksbeh | Ref. | Arkivkode | Dato: |
|---|---|---|---|
| Årstein Løland | 12/271-13 | /K3-&14 | 19.03.2012 |

## Årsmelding for seksjon teknisk – 2011

### Generelt

Ein viser til rekneskapen for 2011 og legg med dette fram årsmelding for verksemda på seksjon teknisk.

Følgjande ansvarsområde inngår i seksjonen med følgjande budsjett- og rekneskap i 2011:

| | Budsjett 2011 | Rekneskap 2011 | Avvik |
|---|---|---|---|
| 300 – Teknisk sjef | 1.097 | 831 | 266 |
| 310 – Planavdeling | 1.883 | 1.442 | 441 |
| 311 – Byggesak | 534 | 107 | 427 |
| 312 – Jord og skog | 1.108 | 1.170 | - 62 |
| 313 – Oppmåling og kalking | 493 | 304 | 189 |
| 330 – Eigedomsforvaltning | 11.145 | 11.293 | -148 |
| 331 – Kommunalteknikk | 3.192 | 3.481 | -289 |

Sum Budsjett 19.452 Rekneskap 18.628 Avvik 824

Netto resultat i 2011 er på kroner 824.000,- Ca 250.000,- av dette skuldast forhold knytt til Pensjonsordning og vedkjem såleis ikkje den direkte drifta.

Seksjon teknisk har i 2011 hatt eit knallhardt fokus på budsjettbalanse. Dette med bakgrunn i den relativt store overskridinga i 2010.

Dette har likevel ført til eit overskot på godt og vel ein halv million, eit resultat som sjølvsagt kunne vore nytta fornuftig til ymse vedlikehald.

Aktiviteten på avdelingane er stor, og vi ser at presset på landbrukskontoret er spesielt hardt.

Innan byggesak/dispensasjonar er seksjonen spesielt nøgd med å ha kome så vidt godt i vei med dei "gamle" sakene. Nokre står framleis att. Vidare må det alltid ei prioritering til når pågangen til tider er stor på nye saker og problemstillingar.

På tampen av 2011 fekk seksjonen gjennomslag for å styrke kompetansen på kart/geodata. Dette ser seksjonen som grunnleggjande for at ein skal levere pålagte tenester i framtida innan byggesak m.m.

**Utfordringar framover:**

Noko av det viktigaste er:

- å halde på å vidareutvikle kompetansen ved seksjonen
- å gjennomføre vedtekne investeringsbudsjett/framskaffe eit realistisk vedtaksgrunnlag til budsjettbehandlinga
- ei sikker og effektiv forvaltning

## Årsmelding frå avdelingane:

**Byggesak Ansvar 311**
Økonomi:
Etter ei betydeleg auke av gebyrsatsane i 2011 har det totale årsresultatet enda på kr. 107.098. Det var budsjettert med eit resultat på kr. 534.000.

Tenesteproduksjon:
I 2011 vart det handsama 142 saker inkludert matrikulering av dei fleste.

Resultatvurdering:
Saksmengda er relativt høg med tanke på dei ulike og varierte arbeidsoppgåver som ligg til 1 sakshandsamar som skal ivareta fleire funksjonar. Informasjon til kundane er no forbetra gjennom ei prioritert saksliste som ligg tilgjengeleg for servicetorget. Frå sakslista kan ein lesa ut opplysningar som antatt sakshandsamingstid, når saka eventuelt skal opp til politisk handsaming osv.

Utfordringar:
Krevjande å halda stabil sakshandsamingstid med tanke på feriar eller andre typar fråvær.
Saksmengda vil og variera gjennom året.
Nye krav om pålagt tilsyn og hyppige endringar i lovverk.

**Oppmåling feiing kalking 3030/3380/3603 Ansvar 313**

**Oppmåling** har fått ca. 17 søknader i 2011 inkludert dispensasjon og fleire tomter i søknaden, totalt 30
"tomter" , 4 innløysing av festetomt, 2 grensejusteringar, 3 arealoverføringar og 1 fullføringa av "gammal" midlertidig forretning. Det er òg saker som ein har utsett grunna påvente av godkjente reguleringsplanar. Avdelinga har òg hatt "gamle saker" i 2011.
I 2011 er det brukt tid på å avlysa gamle servituttar og heftelsar på eigedommar som er eller har vore i kommunalt eige (Myra Industriområde). Retting i kartet blir meir og meir av etter som folk i bygda fin " eigedomen" sin på nett og oppdagar kor grensene er satt.
Grunna mykje nytt lovverk har det blitt mykje kurs og seminar i år òg for å kunna forvalta dette på best mulig måtte. Krava til matrikkelføringa er blitt strengare og krev at ansvarleg myndigheit har god kompetanse på dette. Dette kjem innbyggarane til gode ved at dei kan få god veiledning og svar på spørsmål innan områda som det er komme nye lovverk for.
Økonomisk så er regnskapet for 2011 forbruk totalt på 234034,-. Det var totalt budsjettert for 453000,-. Inntekter er tatt med for 2011 men forretninga er utsatt, òg betalinga til 2012 derfor eit avvik på kjøp av tenestar. Kursutgifter er og høgare enn budsjettert men allikevel er totalen innafor det som var budsjettert for 2011.
Dei største utfordringane på sikt vil dreia seg om frådeling og infrastruktur etter reguleringsplan for Bergevik og Bergebakkane. Frådelinga i Bergebakkane er nå satt i gang.

**Feiing** blei i 2011 uført for siste gong av Børge Meltveit som har hatt dette på kontrakt i mange år hjå oss. Det nye systemet frå Norsk Navigasjon blei tatt i bruk og feiaren legg alt inn på PDA en som sidan leverer data til server hjå Norsk Navigasjon som igjen legg det inn i ISY Pro-Aktiv systemet som me kjører kommunale avgifter i. Det gjer administrasjonen svært mykje lettare. Ein har brukt litt meir midler på opplæring, systemhjelp og feiing for 2011 kom inn ekstra etter budsjettet var sett for 2011. I 2012 vil Brann- og Fyringssikring AS frå Sandnes ta over feiing og tilsyn for Forsand, Strand og Hjelmeland.

**Kalking** av vassdraga er støtta av stat og fylke. I 2011 har ein hatt store vedlikehalds - reperasjonar på anlegga. Det er satt inn nytt styresystem både i Lyse og på Løland. Ein har ellers gjort ein del tiltak som har komme fram ved tilsyn.
Økonomien er god grunna at det har vore svært lite store reperasjonar og godt tilsyn av uteseksjonen opp gjennom åra samanlikna med andre kommunar. Grunna at kommunen har fått tilskott frå Direktoratet og brukt lite midler er fondet blitt stort. Ein ser for seg at bevilgninga blir liten eller ingen dei næraste åra til ein har brukt såpass av midla som ein har at ein kjem ned på eit akseptabelt nivå.

**Planavdelinga Ansvar 310**

Planavdelinga er tillagt ansvar for utarbeiding og handsaming av regulerings- og utbyggingsplanar, dispensasjonshandsaming, samt medverka til utarbeiding av overordna planar som områdeplanar, konsekvensanalysar, kommuneplanar etc.

**Reguleringsplanar som er 1. gongs handsama og lagt ut til offentleg ettersyn:**

Reguleringsplan Øvre Rossavik - fritidsbustader
Reguleringsplan gnr. 9, bnr. 1 og 4, Levik - fritidsbustader
Reguleringsplan for fritidsbustader gnr. 9, bnr.2, Levik
Reguleringsplan småbåthavn Levik

**Reguleringsplanar som er 2.gongs handsama i kommunestyret:**

Reguleringsplan Øyren – hotell, bustader
Reguleringsplan Øvre Rossavik - fritidsbustader
Reguleringsplan gang- og sykkelsti Kulturhuset - Rettedal

Reguleringsplan Berge / Bergevik, omregulering - klagehandsaming

**Årsresultat**

Rekneskapet for 2011 viser eit overskot på ca. kr. 114000,-.
Overskotet skyldast mindre utgifter til konsulent for ferdigstilling av planar og auka inntekt på plangebyr.

**Fokus i 2011-12:**

Avdelinga har gjennom fleire år mangla kompetanse på digitalisering av planar og oppdatering av digitale kart og må kjøpa desse tenestene. Frå januar 2012 har seksjon teknisk tilsett kartkompetanse som også kan stå for intern opplæring i kartprogram og digitalisering. Det vil være heilt nødvendig i åra framover å ha eit større fokus på kart, digitalisering av planar, kompetanseheving innan data og digitale kartprogram.
Gjennom Smart-samarbeidet innføre digital plandialog.

## Jordbruk Ansvar 312

### Økonomi

Landbrukskontoret har eigentleg ikkje brukt det totala budsjettbeløpet sitt i 2011. Totalt er kr 1.170.000 rapportera som brukt i forhold til ei budsjett på kr 935.000. Kontoret har bl.a. hatt følgjande ikkje planlagde kostnad (sum kr 323.000 av 1.170.000):

- Rastebenk kr 14.000.
- Revpremie kr15.000.
- Kontingentar kr 5.000.
- Prosjekt "Smaken av Ryfylke" kr 25.000.
- Prosjekt "Porten til heia" i Lysebotn kr 264.000.

Men eininga manglar inntekt for følgjande prosjekt (sum kr + 327.000):

- "Porten til heia" i Lysebotn med kr 264.000.
- Merking av turstiar kr 63.000.

Skogbruksverksemda er heilt delt frå landbrukskontoret frå år 2010 og ikkje medrekna i dette resultatet. Landbrukskontoret sine gode tal kan forklarast ved auka fokus på kontorarbeid og minka tid til aktivt utviklingsarbeid i år 2011. Tilskot for forvaltning av verna område har opphøyrt i år 2011. Tilskot til veterinærvakta er ikkje utbetalt år 2011. Utbetala lønn er 97 % av budsjettert. Fortsett er det problem med dårleg kostnadskontroll, manglande faktureringsrutinar og feil i konteringsarbeid.

| **Teneste** (1.000 kr) | **2004** | **2005** | **2006** | **2007** | **2008** | **2009** | **2010** | **2011** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| • 3252 Landbrukskontor | 607 | 471 | 515 | 726 | 799 | 773 | 809 | 852 |
| • 3255 Fiske, jakt og vilt | 12 | 22 | 22 | 28 | 22 | 6 | + 21 | 40 |
| • 3259 Skogbruk | 159 | 28 | 325 | 331 | 58 | 35 | 494 | 0 |
| • 3604 Verneområdar | 0 | 0 | 151 | 47 | 26 | - 7 | + 24 | 278 |
| • 3605 Lysefjorden | 0 | 51 | 1 | 42 | 46 | -33 | 0 | 1 |
| **Totalt** | **778** | **572** | **1.014** | **1.174** | **927** | **774** | **1.258** | **1.170** |

### Tenesteproduksjon

Landbrukskontoret har ei brei saksforvaltning med omsyn til mange ulike lovverk innafor jordbruk, kulturlandskap, bygdeutvikling, reiseliv, verneområder, vilt, fiske og miljø.Kontoret har ei stor mengde arbeidsoppgåver ved å rettleia bønder og andre bebuar som ønskjar assistanse eller tilskot for tiltak i bygdemiljøet.

Landbrukskontoret skal arbeida for at oppretthalda og vidareutvikle eit livskraftig jordbruk i Forsand gjennom å utnytte lokale ressursar og sentrale tilskotsordningar. Forsand har klart å stå mot nedlegging av landbruk relativt godt. Det er i dag 63 aktiva gardsbruk i kommunen. Men det er ei tendens til at mjølke-produksjonen konsentrerast til få bruk og til Jæren ved sal av mjølkekvoter. Det er og risiko for at bruk av heiområda for sauebeite vill minka i framtida. Tilskot utbetalt til beiting i verna område har minka i år 2011.

Ny regional landbruksplan, statleg landbruksmelding, gjødselforskrift, dyrevernlov, jakt-forskrift, naturmangfoldslov og vassdirektiv er eksempel på lovverk som kjem til å forandra vilkåra for landbruk og naturbruksforvaltning i de åra som kjem. Landbrukskontoret har i 2011 fokusera tilsynsarbeid på lagring av gjødsel, diesel og gass, samt driftsfellesskap og driveplikta i følgje jordlova.

Arbeid med lokal forskrift om hundehald har vert tidskrevjande og tal saker med kopling til avfallsbrenning og ureiningslova er stadig aukande. Ny lokal forvaltning av verna område er oppstarta frå mars 2011. Dette har ført til meirarbeid og aukande byråkrati samt forsinka utlevering av dispensasjonar og løyver etter motorferdselslova.

### Resultatvurdering

Mål for forandring og utvikling av landbrukskontoret sine rutinar er ikkje oppnått i 2011. Tal saker er stort og handsamingstid i mange kompliserte saker er for lang. Digitale verktøy er ikkje i tilstrekkeleg bruk. Detta skuldast ei generelle auka av saker og nye oppgåver i forhold til forandra lovverk.



I løpet av år 2010-11 har landbrukskontoret søkt samarbeid med kulturseksjonen for å få avklart grenselinja mellom forskjellige ansvar og meir rasjonale bruk av tid og ressursar. Dette arbeid må vidareførast i år 2012.
Det trengs å gjennomgå forholdet til Strand kommune når det gjeld funksjonen/samarbeidet om felles skogbrukssjef.

**Utfordringar**

- Ny landbruksplan må ferdigstillast.
- SMIL-strategien skal omarbeidast i 2012.
- Nye retningslinjer for kommunale tilskotordningar til landbruket bør utarbeidast.
- Regulering av jordbrukssjefen sin stillingsomtale så at arbeidsmengda blir tilpassa det som er lovpålagt og det som er tildelt kommunale ressursar.
- Utvikling og utlegging av digitale skjema og verktøy så at brukarane kan gjera meir av arbeid sjølv må ferdigstillast (tenestekatalogen).
- Utvikling av samarbeid med nabokommunar, brukarorganisasjonar og politikar for betre forståing av prioriteringar i landbrukskontoret sit arbeid.
- Auka samarbeid med eksterna aktørar for å minka landbrukskontoret sin arbeidsmengde (RYCON, ECOFACT, konsulentar, Fylkeskommune m.fl.).
- Ressurs må avsettast for digitalisering av markslagskart, spreieareal, valdkart, viltforvaltning m.m. i løpet av 2012-2013.
- Kommunal skogforvaltning og utviklingsarbeid skogbruk må gjenopprettast.

**Samanlikning mellom Forsand og andre kommunar**

Fordelt statleg rammeløyve for landbruk i Forsand år 2010 er kr 1.048.000.
Landbrukskontoret har bruka kr 809.000 (77 %) av dette. Motsvarande tal for nokon andre kommunar er ikkje innhenta.

**Eigedom Ansvar 330**

Rekneskapet for 2011 enda opp med eit overforbruk på kr. 148.299,-
Nettotala 2011 var:

| | |
|---|---|
| Budsjett | kr. 11.145.000,- |
| Rekneskap | kr. 11.293.299,- |

Overforbruket kom i hovudsak som eit resultat av prosjekt som i 2011 ble billigare enn antatt. Prosjekta som endar under kr. 100.000,- blir ikkje ført som eigne prosjekt, dermed blir dei ført inn i driftsrekneskapen.
Summen for dette utgjer i 2011 eit "meirforbruk" på ca kr. 135.000,-

Adm.bygget er den tenesta som hadde størst overforbruk i forhold til budsjett. Overforbruket på den tenesta isolert er ca kr. 335.000,-

Arbeidet til eigedom er definert av bokstavane FDVU. Forkortingane står for forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling. I tillegg kjem og personalansvar.

Eigedom består av 9 badevakter, 9 reinhaldarar og 3 personar til administrasjon og vedlikehald. Totalt utfører desse personane ca 11 årsverk med litt variasjon avhengig av årstid. Tal tilsette kan variera frå år til år grunna mange deltidsstillingar.

Frå og med 2011 fekk me inn 0,75% stilling meir enn me har hatt tidligare. Det har medført at me har klart å innarbeide betre rutinar for inspeksjon og oppfylging av bygga våre.
Ved å ha faste dagar på bygga har og vaktmeisterfunksjonen blitt betre.

Fleire av kommunens bygg er 20 år og eldre. Det merkes godt både på teknisk anlegg og det bygningsmessige. Dessverre går store deler av vårt arbeid med til korrigerande tiltak når skaden allereie har oppstått, i staden for at me er i forkant. Det årlege budsjettet går med til reparasjonsarbeid i staden for planlagt vedlikehald.
Dette er ein vanskeleg situasjon og vil vedvara med mindre det blir gjort større investeringar i form av vedlikehaldsprosjekt eller markert auke i vedlikehaldsbudsjettet.

Største utfordringa for eigedom blir vedlikehaldet. Som tidligare nemnt er det fleire tekniske anlegg som krev mykje, og det same gjeld bygningane, spesielt utvendig. Med dagens økonomi klarer me ikkje halde fylgje med slitasje og forfall.
I tillegg har me og utfordringar knytt opp mot brukarane våre. Det gjeld både reinhald, vedlikehald og drift av symjehallen. Brukarane ynskjer sjølvsagt ein best mogleg oppfølging og servicegrad, noko budsjetta dessverre ikkje alltid tillet.

**Kommunalteknikk Ansvar 331**

HMS:
Det er ikkje registrert personskade eller større skade på maskinar og utstyr dette året.

Kommunale vegar (teneste 3333):

Reasfaltert kommunal veg i Bergsvik, reasfaltert veg mellom kommunal veg og Grøndal.

**Personell:**
1 mann slutta , 1 mann i permisjon. men ein opprettheld styrken med 1 vikar .

Rekneskapet for 2011 enda opp med eit overforbruk på kr. **289.079,-** ( 9%)
Nettotala 2011 var:

| | |
|---|---|
| Budsjett | kr. 3.192.000,- |
| Rekneskap | kr. 3 481.079,- |

Overforbruket kom i hovudsak som eit resultat av uventa samanbrot av UV-System på Meling vassverk med kr. 116.649,-. Vidare har FK forskottert kr. 167.087,- for nytt vassverk i Kallali, noko som vil bli vidarefakturert i år.

**Utfordringar:**
Som HMS tiltak bør ein fortsett vurdere ombygging til tørroppstilte pumper og montere sumpspylar/rørar i kloakkpumpestasjoner som ikkje har dette.

Vidare skal det byggast lager for salt ,sand og garasje for diverse utstyr .Dette tiltaket er vedtatt i investeringsbudsjettet for 2013.

**Kommentarar til investeringsbudsjettet for 2011:**

Ein viser til investeringsbudsjettet for 2011, og har følgjande kommentarar til status – beløp i heile tusen:

- kommunehus – ventilasjon og kjøling – 500 – ikkje utført etter at vi hadde henta inn pris på løysing på slutten av året, samt at pengane ikkje vart ført opp for 2012
- teglvegg Forsandheimen – 950 – prosjektet starta opp hausten 11 og vil verta sluttført i 12
- Bergebakkane bustadfelt – 6000 – prosjekt utført
- omsorgsbustadar – 60 000 – prosjektet stansa, nytt prosjekt definert av k.styret des 11
- sosiale bustadar – 6 000 – prosjektet utført ved kjøp av bustad i krossen samt hytte ved Åsen, rest på 2 000
- vegadresser – 500 – prosjektstart nå i 12 etter at vi har fått på plass god kompetanse i seksjonen
- ballbinge Forsand – 500 – ting tar tid, men kjem venteleg på plass i 12
- avlaup nødvendig utbetring iht regelverk – 400 - avventar ny reguleringsplan for Myra
- sykkelsti skulen/Rettedal 2 000 – reguleringsplanen forseinka oppstarten i 11 – 1 000 nytta av midla til kjøp av grunn og oppgrusing, vert sluttført i 12
- reinseanlegg Øyren – 1 500 – avventar vedtak på hovudplan avlaup
- universell utforming – 400 – det aller meste utført på prioriteringslista
- kulturhus – mottak av biovarme – 300 – utgått Torstein Fossan
- skulen – uteareal/trafikksikring – 500 – utsett i samråd med skulen til 12 for å oppnå trafikksikringsmidlar
- kulturhus – rekkverk stupetårn – 100 – utført
- Skogabakka – trapp og rekkverk tribune – 100 – utført
- trafikksikringsmidlar – 150 – utført
- Tørejuvet – 200 – søknaden ligg til behandling hjå fylkesmannen og dreg ut i tid
- brøyteutstyr vintervedlikehald 200 – utført
- kommunehus – jordfeilautomatar – 175 - utført

Årstein Løland
plan- og utviklingssjef

**FORSAND**
**ÅRSMELDING FOR BRANNVESENET 2011**

**ADMINISTRASJON**
Administrativt har vi hatt et godt samarbeid med administrasjonen i kommunen.

**FOREBYGGENDE**
Tilsyn på større bygg, registrert etter § 13 i brannlova, er gjennomført.
Det er gitt 2 fritak for feiing.
Kommunen har forhandlet frem en avtale med Brann- og fyringssikring om feiing de neste 4 år. Kontrakten med Børge Meltveit går ut året, 2011.

**BEREDSKAP**
Brannvesenet rykket ut på:
- 3 brann i bygning.
- 1 bil/trafikkulykke
- 1 gressbrann
- 7 annen assistanse
- 7 unødige
- 8 øvelser

Brannvesenet har hatt øvelser med varierende innhold i samsvar med øvelsesplan.

**MANNSKAPSSITUASJONEN**
I løpet av perioden har det sluttet 2 personer i mannskapsstyrken.
Brannsjefen vil ta opp spørsmålet om bemanningssituasjonen i 2012.

**ROS-ANALYSE**
Rosanalysen for Lysefjorden viser at kommunen må sette inn ressurser i beredskapen innover i fjorden og Lysebotn.
Brannvesenet utarbeidet en innsatsplan for Lysefjorden. Innsatsplanen ble lagt frem for kommunestyret i 2010.
Innsatsplanen ble ikke tatt tilfølge.
Regnskapstallene viser at vi brukte kun 71% av budsjettet og kunne vel ha investert og drevet en beredskapsbåt.
Arild Skappel

# Forsand kommune

Rådmannen

| Saksbeh | Ref. | Arkivkode | Dato: |
|---|---|---|---|
| Audun Grødem | 12/271-5 | /K3-&14 | 08.03.2012 |

## Årsmelding for Eldrerådet 2011

**Årsmelding**
**Bakgrunn for eldrerådet sin funksjon:**
Grunnlaget for eldrerådet er omtalt i Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd.
Eldrerådet er eit rådgjevande organ for kommunen.
Aktuelle saksområde kan vera:
- Levekår for eldre
- Ta opp saker som har med eldre sine livsvilkår
- Uttala seg om saker som kan vera av felles interesse

**Samansetting av eldrerådet i 2011:**
**Før valet**
Per Søiland (leiar)
Knut Oaland (nestleiar)
Sigrid Harboe
Laila Espedal (politisk valt)
Reidar Høllesli (politisk valt)

**Etter valet:**
Per Søiland (leiar)
Ingvar Fossan (nestleiar)
Borgny Rettedal Fossan
Gerny Berge (politisk valt)
Reidar Thu (politisk valt)

Sekretær: Audun Grødem

**Saker som har vore oppe til behandling:**
Politiske saker som har vore oppe i eldrerådet :
- Vertskommunesamarbeid mellom Strand og Forsand
- Kommunestrukturen i Ryfylke

Saker/emne som rådet har teke eige initiativ i:
- Aktivitetssenteret
- Samhandlingsreforma
- Eldremilliarden
- Frivillighetssentral
- Aktivitetstilbod ved PLO-seksjonen
- Frisørtilbodet
- Saksbehandlingstid ved teknisk seksjon
- Evaluering av feiringa av nasjonaldagen 17. mai
- Evaluering av feiringa av nasjonaldagen

- Vasslekkasje i Nystova
- Teleslynge i Nystova
- Skilting ved PLO-seksjonen/Helsesenteret
- Informasjon til eldre og brukarar av PLO-seksjonen

**Arrangement/ seminar:**

- Feira eldredagen 1.okt med arrangement på aktivitetssenteret: Kåseri ved Lensmann Odd Bjørn Næss

**Økonomi:**

Budsjett teneste 1802: kr 15 000,-. Rekneskap: 3550,-.

Audun Grødem
organisasjonssjef/sekretær

97.1

# Forsand kommune

Rådmannen

| Saksbeh | Ref. | Arkivkode | Dato: |
|---|---|---|---|
| Audun Grødem | 12/271-6 | /K3-&14 | 08.03.2012 |

## Årsmelding for Råd for funksjonshemma 2011

**Bakgrunn for RFF sin funksjon:**
Råd for funksjonshemma er heimla i Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne mm av 17. juni 2005. Mandat for rådet er fastsett i vedtak i kommunestyret 29.04.08.
*RFF er eit rådgjevande organ for kommunen i saker som gjeld likestilling av og tilrettelegging for funksjonshemma.*

Aktuelle saksområde er:
- Saker som gjeld behov og interesser til funksjonshemma
- Saker for å fremja likestilling for funksjonshemma og deltaking i samfunnet
- Saker som kan vera av felles interesse.

**Samansetting av rådet:**
**Før valet:**

| | |
|---|---|
| Leiar | : Thor Espedal(politisk valt) |
| Nestleiar | : Marie E. Oaland |
| Medlem | : Ellen Berge |
| | Ingeborg S. Meyer(politisk valt) |
| | Per Torbjørn Espedal |

**Etter valet:**

| | |
|---|---|
| Leiar: | Per Torbjørn Espedal |
| Nestleiar. | Silje Wiik (politisk valt) |
| Medlemmer: | Ellen Berge |
| | Tormod Harbo |
| | Bjarte Dagestad (politisk valt) |

Sekretær: Audun Grødem

**Saker som har vore oppe til behandling:**

Politiske saker som har vore oppe i RFF:
- Reg plan for fritidsbustader i Levik
- Reg plan for småbåthamn i Levik
- Vertskommunesamarbeid mellom Strand og Forsand
- Kommunestrukturen i Ryfylke
- Reguleringsplan gang- og sykkelsti Kulturhus – Rettedal
- Detaljplan for Håheller
- Samhandlingsreforma
- Avanti Ryfylke – medfinansiering
- Ryfylke Friluftsråd – støtte til brygge i Fløyrli

Saker/ emne som rådet har teke eige initiativ i:

- Avlastnings og barnebustader
- Universell utforming – plan frå teknisk seksjon

**Økonomi:**
RFF har ikkje eige budsjett. Utgifter til dei faste møta blir førte på politisk teneste.

Audun Grødem
organisasjonssjef

**Forsand kommune**
Rådmannen

| Saksbeh | Ref. | Arkivkode | Dato: |
|---|---|---|---|
| Audun Grødem | 12/271-10 | /K3-&14 | 19.03.2012 |

# Årsmelding serverings- og alkohollov 2011

**Generelt om verksemda:**
Forsand kommune er med i eit interkommunalt samarbeid om skjenkekontroll og miljøretta helsevern i regi av Brannvesenet Sør-Rogaland IKS.

**Sals- og Skjenkestader i Forsand:**
Det er pr i dag 6 skjenkestader og 2 salsstader i kommunen

**Enkelthøve/ambulerande løyve:**

| År | Søknader | Innvilga | Avslag |
|---|---|---|---|
| **2008** | 31 | 31 | 0 |
| **2009** | 19 | 18 | 1* |
| **2010** | 7 | 7 | 0 |
| **2011** | 20 | 20 | 0 |

* Det var ikkje krav om løyve ved dette arrangementet

**Målsettingar for verksemda:**
Målet med skjenkekontrollen å førebyggja uønska avvik frå retningslinjer innan vedtekne økonomiske rammer.

**Resultatvurdering:**

| | Budsjett 2010: | Rekneskap 2010 | Budsjett 2011 | Rekneskap 2011 |
|---|---|---|---|---|
| Utgifter: | 70 000. | 78 300 | 70 000 | 90 775 |
| Inntekter: | 35 000 | 17 700 | 30 000 | 63 000 |

Merknader:
Inntektene for 2011: her er 8600 ordinære løyveinntekter. Om lag 54 000 er for mykje innbetalt til skjenkekontrollen som er refundert.

Det er utført 25 kontrollar, 19 ved skjenkestader og 6 ved salsstader. Dette er til saman 16 færre konktrollar i høve til budsjettert. Det er vidare utført 19 kontrollar i høve til tobakkskadelova. Det er ikkje funne avvik.

**Konklusjon:**
Erfaringa vår med den interkommunale skjenkekontrollen er god. Det synest som at verksemda har ein høg fagleg standard.
Talet på søknader om enkelthøve er auka frå 2010.

Audun Grødem
organisasjonssjef

BRANNVESENET
SØR-ROGALAND IKS
Sammen for en trygg og sikker framtid

FORSAND KOMMUNE
År Sakssnr.: 12/258
Dok.nr.: 1
17 FEB. 2012
Arkivkode P U63 | Arkivkode S
Kopi til:
Avd.: | Saksbeh.: AGR
Løpenr. | Gradering

Forsand kommune

| DERES REFERANSE | VÅR REFERANSE | ARKIVNR. | JOURNALNR. | DATO |
|---|---|---|---|---|
| | | | | 15.02.12 |

# ÅRSMELDING SKJENKEKONTROLLEN 2011

I Forsand kommune er det i løpet av 2011 utført:

- 19 kontroller ved skjenkesteder
  - Det ble funnet 0 avvik
  -
- 6 kontroller ved salgssteder
  - Det ble funnet 0 avvik
- 19 kontroller ift tobakkskadeloven

Det er gjennomført 16 færre skjenkekontroller og 3 færre salgskontroller enn budsjettert. Tilskuddet for 2012 vil bli justert for differansen mellom innbetalt tilskudd og fordelte kostnader i 2011.

Med hilsen

Randi Helland Stråtveit
avd.leder
miljørettet helsevern og skjenkekontroll

Sverre Skårland
seksjonsleder
skjenkekontroll

# Årsmelding

Salg-/skjenkekontroll i år 2011

| | |
|---|---|
| Kommune: | 1129 Forsand |
| Adresse: | |
| Postadresse: | 4110 Forsand |

**Statistikk for skjenkesteder**

Antall kontroller utført: 19

**Statistikk for utsalgssteder**

Antall kontroller utført: 6

**Kontrollerte skjenkesteder**

| Ambulerende/enkelt anledning | |
|---|---|
| | • 04.03.2011 |
| | • 15.04.2011 |
| | • 15.06.2011 |
| | • 13.08.2011 |

| Bergevik Brygge | |
|---|---|
| | • 10.06.2011 |
| | • 16.06.2011 |
| | • 13.08.2011 |

| Helleren | |
|---|---|
| | • 10.06.2011 |
| | • 16.06.2011 |
| | • 13.08.2011 |

| Kjerag pub og turistsenter | |
|---|---|
| | • 25.06.2011 |
| | • 09.07.2011 |
| | • 27.08.2011 |

| Lysebotn Messe | |
|---|---|
| | • 25.06.2011 |
| | • 09.07.2011 |
| | • 27.08.2011 |

| Lysefjordsenteret | |
|---|---|
| | • 10.06.2011 |
| | • 16.06.2011 |
| | • 13.08.2011 |

# Årsmelding
Salg-/skjenkekontroll i år 2011

**Kontrollerte utsalgssteder**

| Coop marked, Forsand | |
|---|---|
| | • 19.02.2011 |
| | • 09.07.2011 |
| | • 19.11.2011 |

| Stangeland handel | |
|---|---|
| | • 19.02.2011 |
| | • 09.07.2011 |
| | • 19.11.2011 |

105

**DEN NORSKE KYRKJA**
**Forsand kyrkjelyd**

Kommunehuset
4110 FORSAND
Tlf: 51700170
Faks:

FORSAND KOMMUNE
Ar Saksnr.: 12/271
Dok.nr.: 23
16 APR. 2012
Arkivkode P 814 | Arkivkode S
Kopi til:
Avd.: | Sak.beh.: TVY
Kassasjonsar: | Gradering:

Forsand kommune v/rådmann

4110 FORSAND

Forsand 11.04.2012
Vår sakshandsamar: Siv Fossan
Vår ref.: 12/00007-003
Arkivkode: 300

**Kommentar til årsmeldinga for Forsand sokn**

Sender med dette over årsmeldinga for 2011 for Forsand sokn. Som de ser har me ein aktiv kyrkjelyd med mykje verksemd, og mange frivillige medarbeidarar involvert.

**Personalsituasjon:**
Soknet har 2,2 årsverk, som var fordelt slik i 2011:
60% stilling som kyrkjeverje
70% stilling som kyrkjelydsarbeidar
50 % stilling som prest (soknerådet sin del av sokneprestestillinga)
22% stilling som kyrkjetenar

Kyrkjetenarstillinga har vore frivillig teneste sidan 01.02.10
Kyrkjeverje var sjukemeldt heile 2011, og måtte dessverre slutta i stillinga. Kyrkjelydsarbeidar har fungert som kyrkjeverje. For å avhjelpa situasjonen blei det tilsett vikar som kyrkjelydsarbeidar i 50%stilling frå 01.08. Med god fleksibilitet både i forhold til resten av personalet, og òg frivillige som har hjelpt til, har dette fungert så nokolunde. Det har òg blitt leigt inn noko hjelp til enkelttenester.

Utanom desse har òg soknerådet arbeidsgivaransvar for ungdomsarbeidar i 20% stilling. Denne stillinga er ei samarbeidsstilling saman med organisasjonane på bedehuset og blir løna av innsamla midlar.

**Budsjett og rekneskap:**
Rekneskapet for kyrkja er ikkje ferdig revidert hos revisor, noko ein ikkje reknar med er klart til kommunestyret sitt årsmøte. Slik rekneskapet ligg føre frå rekneskapsførar er det eit mindreforbruk på kr. 307.280. Dette har fleire årsaker: Etter eige ønskje er kyrkjetenar uløna. Dette er ei lovpålagt oppgåve som ein er nøydd for å budsjettera med slik at ein har pengar til dette når vedkomande ikkje ønskjer å ha stillinga lenger. Våren 2011 fekk me etterbetalt refusjon av sjukepengar som skulle vore utbetalt i 2010. Me hadde òg vakant stilling fram til 01.08.
I budsjettrama frå kommunen er det ikkje rom for store vedlikehaldsoppgåver som maling av kyrkja. Det er difor nødvendig å byggja opp eit vedlikehaldsfond til slike utgifter.
Når det gjeld Lyse kapell blei det bevilga 287.000 til oppgradering av kapellet. Det er gjort eit omfattande dugnadsarbeid her, og mykje blei utbetra i løpet av 2011. Det er likevel 150.000 kr igjen av midlane, som blir avsett på eige disposisjonsfond for kapellet til seinare bruk.

**Satsingsområde/Utfordringar**
- Forsand sokneråd vil halda fram med å arbeida i samsvar med det dei etter lova har ansvar for som sokneråd og fellesråd.

- For å imøtekoma bygningsmessige utfordringar både i forhold til bårehuset og kyrkja er soknerådet inne i planleggingsfase for utbygging. Soknerådet er takksame for midlar til planlegging i 2012, og midlar til bygging i 2015 som kommunestyret vedtok i desembermøtet.

Venleg helsing

Siv Fossan
Kyrkjeverje

# ÅRSMELDING 2011

***Soknerådet sin visjon er "Inn til Kristus, ut til alle". Denne visjonen er rettesnor når me ønskjer at alle skal finna sitt andelege og sosiale fellesskap i Forsand kyrkjelyd. Me ønskjer å ha ein inkluderande kyrkjelyd som ein kan oppleve eigarskap til. Difor ønskjer me at mange, i alle aldrar, skal vera med som medarbeidarar i ulike tenester alt etter kva nådegåve og utrustning ein har***

**Sokneråd fram til 1. okt**
Arne Berge, leiar, Ingunn S Fossan, nestleiar, Johannes Pettersen, Naomi Veland, Eirik Hollesli, Helge Nygård, Liv Oftedal, 1.vara, Ragnhild Rettedal 2.vara.

**Sokneråd frå 1. okt**
Ragnhild Rettedal, leiar, Ingunn S Fossan, nestleiar, Anne Marit Rettedal, Per Hagen, Astrid Haukelid, Helge Nygård, Liv Oftedal 1. vara, Eirik Hollesli, 2 vara

Soknerådet har hatt 13 møter og handsama 54 saker

**Utdrag av sokneradssaker**

- Årsmøte 27.febr. Etter gudst.
- Økonomi - budsj., rekneskap
- 50 års jubileum Lyse kapell
- gudstenestereforma
- Konfirmantfest
- Utbygging av kyrkja
- Menighetsweekend Horve
- Nyttårsfest
- juletrefest
- Tildeling av offer
- Gudstenestearbeidet - evaluering og planar.
- Prostigrenser—høyring
- Tiltak på øvre kyrkjegard
- Kyrkjevalet - hadde valdeltaking på 30,1% - landsgj.snittet var 13,47%

| Årsmeldingstal | 2009 | 2010 | 2011 |
|---|---|---|---|
| Gj.snittstal alle gudstenester | 94 | 103 | 109 |
| Tal på gudstenester søndag og helligdag | 37 | 38 | 38 |
| Gj.snitt gudst. Søndag og helligdag | 96 | 103 | 105 |
| Gjennomsnitt til nattverd | 49 | 54 | 54 |
| Døypte | 17 | 15 | 19 |
| Døypte busette i soknet | 11 | 10 | 15 |
| Vigde | 2 | 6 | 4 |
| Konfirmerte | 15 | 21 | 16 |
| Døde | 10 | 8 | 8 |
| Innmeldt | | | 2 |
| Utmeldt | 1 | | 8 |
| Samla offer | 151.522 | 168045 | 187543 |
| Gjevarteneste/gåver ungomdsarb | 102050 | 120300 | 115100 |
| fasteaksjonen | 26.779 | 29836 | 36292 |

*Tilsette:*

Ole Wollert Meyer, sokneprest
Torhild Berge, kyrkjeverge
Hege Tungland Langbakk, musikalsk leiar,
Siv Fossan – kyrkjelydsarbeidar - fungert som kyrkjeverge
Irene Idland Thu, vikar kyrkjelydsarb. Frå 01.08.
Bodil Rettedal, uløna kyrkjetenar Forsand
Aud Eli Hana Lyse, uløna kyrkjetenar Lyse

Soknerådet har òg arbeidsgjevaransvar for ungdomsarbeidar Johannes Pettersen som arbeider i 20% stilling. Stillinga er løna av innsamla midlar og er eit samarbeid mellom sr. og organisasjonane på bedehuset.

Innsamlingskomite for ungdomsarb. er Arne Berge (SR), Gerd Marie Berge (NLM), Ruth Fossan (NMS), Torstein Fossan (Normisjon). Innsamla midlar 2011: 112.600,- . Siv Fossan gjekk inn i plassen for Arne frå nov. 11

*Medarbeidarar*

Det er mange som deltek i ulike tenester i kyrkjelyden, både i gudstenesta og elles. Me har ca 65 vaksne som deltek i dei ulike tenestene. Me har òg hatt med ca 25 barn til gjennomføring av gudstenestane 2010.













## Barn og unge:

- Besøk frå kyrkjelyden på 1,2 og 3 års dåpsdag
- Utdeling av 4 års bok
- Utdeling av barnebibel til 1. klasse.
- Tripp-trapp klubb kvar tysdag
- Kurs i babysong
- Minifutt - kor for 3-6 år
- Sundagskule i gudstenesta.
- Søndagsgjengen frå 4.klasse og oppover
- SjåOPp koret frå 1 kl. og oppover

**Diakoni:**

- Oppmuntringsgrupper
- Besøk til pårørande v/dødsfall
- Besøk v/runde tal frå 80 år
- Møte på Forsandheimen ein sundag i mnd
- Andakt på Forsandheimen annakvar onsdag

**Samarbeid med barnehage og skule**

- Påskevandring for barnehagen
- Adventssamling – barnehagen tende julegrana utanfor kyrkja
- Påskevandring for 1.-4 klasse v/skulen
- Skulegudsteneste før jul. 7. klasse v/skulen planla og gjennom førte gudstenesta saman med andre elevar frå skulen og staben

**Undervisning:**

- Boka "Å kjenne han som kjenner deg" blei brukt som opplegg for vekstgruppene vår 2011
- 3 vekstgrupper
- "Alphakurset som starta hausten 2010, blei avslutta jan. 2011
- "Ta vare på deg sjølv og andre" Fermate Rogaland kurs m/ oppstart sept. Arr. saman med Normisj. Og NMS

## Lyse Kapell

Etter mykje flott dugnadsinnsats blei det stor 50årsjubilering i kapellet 5. juni. I nydeleg sommarver hadde ca 200 funne vegen til Lysebotn. Jubileumsprogrammet innehaldt gudsteneste – matøkt med lapskaus og kaker – tilbakeblikk på kapellet si historie – drama om kyrkjeferd til Forsand i gamle dagar – helsingar.
Elles var det ope kapell fleire gonger om sommaren, ein gong i forbindelse med terroren 22. juli
Arbeidsgruppa for kapellet har mange idèar om kva ein kan ha her. No vil ein først ha fokus på å gjere ferdig dugnadsarbeidet, før ein legg konkrete planar.

**Arbeidsgruppa i Lyse er:** Aud Eli Hana Lyse, Jonas Fossmark og Svein Gitle Tangen

## Misjon

Misjonsavtale med NMS der me støttar 2 prosjekt i Etiopia "**Gi evangeliet videre til Blånildalen**". Evangeliseringsarbeid i Blånildalen
"**Landsbyutvikling i Etiopia**". Innsamlingsmål kr. 55.000 i året. I 2011 blei det samla inn kr. 59.424,-

Offer til ulike misjonsorg som driv arbeid i Noreg og i land rundt om i verda

**Utsendingar knytta til vår kyrkjelyd:** Fam. Anne Brit Hatleskog og Arne Hustrulid (NMS) i Thailand. (NMS) Fam. Torborg Steine Fossan og Magne Steine i Bolivia (Misjonsalliansen) Fam. Charlotte og Andreas Frantzen i Fillipinene (UiO) Elise Larsen reiste til Equador i september. Ho er elev v/GåUt Senteret dette skuleåret

## *Komitear under soknerådet:*

Trusopplæringskomite: Ragnhild Rettedal, Johannes Pettersen, Naomi Veland og Ole Wollert Meyer

Diakoniutval: Synnøve V Oaland, leiar, Kjell Pettersen og Grete Oline T Pettersen

Weekendkomite: Johannes Pettersen, Rolf Magne Haukalid, Randi Haukalid, Marit O Guse og Irene I Thu

Plan- og byggekomite for utbygging av kyrkja: Arne Berge, Johannes Pettersen, Astrid Haukelid og Reinert Berge

**Plan– og byggekomiteen:**
Har fått laga planskisse der ein ser koss dette KAN løysast. Asplan Viak v/Kåre Kalleberg har vore engasjert til dette. I november hadde me orienteringsmøte i kyrkja der Kalleberg la fram teikningane. Ca. 50 stk møtte fram. I budsjettmøte i desember vedtok kommunestyret at soknerådet skulle få 300.000 til planlegging av utbygging i 2012, men ønskte òg at ein skulle sjå på andre løysingar som kunne ta betre i vare den gamle kyrkja. Det er sett av 3 mill til bygging i 2015. Komiteen vil sjå på om det går an å grave ut under kyrkja, for å bruke mindre areal ute. Men – komiteen er heilt klare på at utbygginga MÅ skje i tilknytning til kyrkja, og ikkje vere eige bygg. Når forslag til utbygging er ferdig, skal det godkjennast av soknerådet